



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT


# Meld. St. 25

(2022–2023)

Melding til Stortinget

---

Mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel  
– opning av areal og strategi for forvaltning  
av ressursane







DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# Meld. St. 25

(2022–2023)

Melding til Stortinget

---

Mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel  
– opning av areal og strategi for forvaltning  
av ressursane



## Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing og samandrag .....</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>Konsekvensutredningen .....</b>	<b>40</b>
1.1	Innleiing .....	5	4.1	Om konsekvensutrednings- prosessen .....	40
1.2	Samandrag med forslag til opningsavgjerd .....	7	4.2	Hovedresultater fra konsekvens- utredningen .....	41
<b>2</b>	<b>Norske ressursar kan bidra til å dekkje eit stort og veksande metallbehov globalt og i Vesten .....</b>	<b>10</b>	4.2.1	Metoder for undersøkelse etter havbunnsmineraler .....	41
2.1	Aukande behov for metall .....	10	4.2.2	Teknologier for utvinning av havbunnsmineraler .....	41
2.2	Sikker og påliteleg forsyning av mineral og metall .....	13	4.2.3	Natur- og miljøforhold .....	42
2.2.1	Sirkulærøkonomien .....	13	4.2.4	Miljømessige virkninger og avbøtende tiltak .....	46
2.2.2	Behovet for auka produksjon .....	14	4.2.5	Mulige konsekvenser for andre havbaserte næringer .....	49
2.3	Havbotnmineralaktivitet globalt ...	16	4.2.6	Næringsmessige muligheter og økonomiske og sosiale virkninger .....	51
2.3.1	Aktivitet utanfor den nasjonale jurisdiksjonen til statane .....	17	4.3	Innkome høyringsuttalelser .....	54
2.3.2	Aktivitet innanfor nasjonal jurisdiksjon .....	19	4.3.1	Kunnskapsgrunnlaget .....	54
2.4	Norske havbotnmineral- ressursar .....	19	4.3.2	Miljømessige virkninger .....	58
2.4.1	Oljedirektoratets ressurs- estimat for ulike metall .....	21	4.3.3	Næringsmessige muligheter og økonomiske og sosiale virkninger .....	61
2.4.2	Sulfidførekomstar .....	21	4.3.4	Teknologi/FoU .....	62
2.4.3	Manganskorpeførekomstar .....	24	4.3.5	Sameksistens .....	63
<b>3</b>	<b>Langsiktig og berekraftig ressursforvaltning .....</b>	<b>26</b>	4.3.6	Krav til forsvarlig virksomhet .....	65
3.1	Sektorregelverk og anna relevant regelverk .....	26	4.3.7	Virksomhetens økonomiske rammebetingelser .....	66
3.2	Norsk regelverk i lys av folkeretten .....	29	4.3.8	Utkast til beslutning om åpning av område på norsk kontinen- talsokkel for mineralvirksomhet...	67
3.3	Klare og føreseielege rammevilkår .....	32	<b>5</b>	<b>Vurderingar og anbefaling frå regjeringa om opning av område på norsk kontinentalsokkel for mineralverksemd .....</b>	<b>72</b>
3.4	Vegen frå opning til utvinning – stegvis, effektiv utforsking .....	34	<b>6</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	<b>78</b>
3.5	Vidare kunnskapsinnhenting og -oppbygging .....	36			
3.6	Behov for forskning og utvikling ....	37			

### Digitale vedlegg

- 1 Konsekvensutredning – undersøkelse og utvinning av havbunnsmineraler på norsk kontinentalsokkel, vedlagt innkomne høyringsuttalelser med departementets vurdering
- 2 Ressursvurdering havbunnsmineraler





DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# Meld. St. 25

(2022–2023)

Melding til Stortinget

---

## Mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel – opning av areal og strategi for forvaltning av ressursane

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 20. juni 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing og samandrag

#### 1.1 Innleiing

Befolkningsvekst, velstandsauke, meir bruk av fornybare energikjelder og elektrifisering er forventta å auke etterspurnaden etter metall i framtida. Større grad av fornybar energiproduksjon og auka grad av elektrifisering krev ulike metalliske grunnstoff, mellom anna kopar, litium, nikkel, mangan, kobolt, sink og sjeldne jordartar. Det er i dag sterk geografisk konsentrasjon av utvinning og prosessering av viktige mineral globalt. Slik konsentrasjon er potensielt eit hinder for påliteleg og sikker tilgang til nøkkelinnsatsfaktorar for alle land. Det er stor og aukande merksemd om forsyningstryggleiken for slike innsatsfaktorar i Europa, i USA og i verda elles.

Det har i lang tid vore kunnskap om førekomstar og interesse for å vinne ut metalliske mineral også frå havbotnen. Slike førekomstar kan innehalde viktige metall som verda vil trenge framover. Utvinning av havbotnmineral har potensial til å bli ei ny og viktig havnæring i

Noreg som kan bidra til verdiskaping og sysselsetjing og samtidig vere med på å sikre forsyninga av viktige metall i framtida. Noreg har alle føresetnader for å lykkast med å leggje til rette for ei slik næring. Vi har allereie kunnskap om og erfaring frå hausting av naturressursar både i forvaltninga, innanfor academia og i næringslivet, og saman med stabile rammevilkår vil dette kunne gjere at vi lykkast.

Noreg er ein hav- og kystnasjon og forvaltar fantastiske naturverdiar. Noreg er eit føregangsland på ansvarleg ressursforvaltning til havs og heilskapleg havforvaltning. Norske havområde rommar rike naturressursar som har bidrege til å leggje grunnlaget for velferdssamfunnet vårt. Vi har lang tradisjon for å forvalte havmiljøet og ressursane i eit langsiktig perspektiv til beste for samfunnet. Noverande og framtidig verdiskaping er avhengig av god miljøtilstand og eit rikt naturmangfald i kyst- og havområda, å vareta havet som matfat og å sørge for berekraftig bruk av ressursane i havet.

Havbotnmineralverksemd på norsk kontinentalsokkel skal skje innanfor rammer og krav som varetek omsynet til det ytre miljøet. Ei stegvis tilnærming vil bli lagd til grunn for forvaltninga av områda som blir opna. Dette inneber at ein skal gå varsamt fram, og at omsynet til miljø skal vege tungt.

Det går i dag føre seg både kartlegging og leiteverksemd etter mineral på havbotnen i fleire havområde i verda både innanfor og utanfor nasjonal jurisdiksjon. Kommersiell utvinning av havbotnmineral på djupt vatn er enno ikkje igangsett, men konsept og teknologiar for utvinning er under utvikling.

Lov 22. mars 2019 nr. 7 om mineralvirksomhet på kontinentalsokkelen (havbotnminerallova) gir heimel for forvaltninga av mineralressursane på norsk kontinentalsokkel. Lova har føresegner om opning av område for mineralverksemd. Med mineralverksemd er det meint undersøking og utvinning av mineralførekomst på havbotnen og grunnen under denne. Som hovudregel kan verken undersøkingsløyve eller utvinningsløyve tildelast før det er vedteke opning av eit område, og det er såleis berre staten som kan drive mineralverksemd før eit område er opna.

Gjennom opning av område kan også kommersielle aktørar bidra til å få avklart om det finst norske havbotnmineralressursar som er kommersielt attraktive å utvinne, og om utvinning kan gå føre seg på ein berekraftig måte.

At staten opnar eit område for mineralverksemd, betyr ikkje at utvinningsverksemd blir sett i gang med det same. Vedtak om opning inneber at konsesjonsstyresmaktene kan setje i gang ein prosess for tildeling av løyve. Samtidig vil staten halde fram kartlegginga av norske havbotnmineral, og setje i gang ytterlegare kunnskapsinnhenting også knytt til natur- og miljøforhold for å leggje til rette for ei effektiv og stegvis utforsking frå næringa og for å styrkje kunnskapsgrunnlaget til staten.

Det blir sett i gang kommersiell mineralverksemd berre dersom og når aktørar ønskjer å drive leiteaktivitet fordi dei har komme til at det er rekningsssvarande å drive slik aktivitet. Dei vil då søkje om eit løyve frå staten. Utan utsikt til at utvinning kan skje berekraftig og forsvarleg, vil ingen kommersielle aktørar ønskje å drive leiteaktivitet.

Ifølgje havbotnminerallova kan det etter opning av område tildelast to typar løyve: undersøkingsløyve og utvinningsløyve.

Undersøkingsløyve gir rettshavaren rett til undersøking i eit gitt område. Eit slikt løyve er ikkje eksklusivt. Slike løyve vil ikkje vere kom-

mersielt attraktive utan utsikter til framtidig godkjend utvinning.

Utvinningsløyve gir verksemda eksklusiv rett til undersøking og til å søkje om godkjenning av plan for utvinning.

Med tildelinga av utvinningsløyve følgjer eit arbeidsprogram som aktørane må gjennomføre, elles må dei levere arealet tilbake til staten. Siste etappe i eit arbeidsprogram vil vere å utarbeide søknad om godkjenning av ein utvinningsplan. Ein utvinningsplan vil berre bli godkjend av styresmaktene dersom aktørane kan godtgjere i utvinningsplanen, inklusive den tilhøyrande konsekvensutgreiinga, at utvinninga kan skje på berekraftig og forsvarleg vis, slik at omsynet til miljø, tryggleik og ev. anna verksemd til havs i det aktuelle området er godt tekne hand om, og slik at sameksistensen med andre verksemdar blir vareteken.

Før eit område kan opnast for mineralverksemd må det gjennomførast ein opningsprosess. Ein opningsprosess har som formål å skaffe eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, slik at dette kan liggje til grunn når ein skal ta stilling til opning av område. Det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing basert på eit fastsett konsekvensutgreiingsprogram. Konsekvensutgreiinga skal bidra til å belyse dei ulike interessene som gjer seg gjeldande i utgreiingsområdet, slik at dette kan liggje til grunn når det skal takast stilling til om, og eventuelt på kva vilkår, heile eller delar av utgreiingsområdet kan opnast for mineralverksemd. Konsekvensutgreiinga skal belyse kva verknader ei eventuell opning kan få for miljøet, og antatte næringsrelaterte, økonomiske og sosiale verknader.

Opningsprosessen blei sett i gang av Olje- og energidepartementet i 2020 og er samansett av to hovuddelar: ein konsekvensutgreiingsprosess og ei ressursvurdering.

Oljedirektoratet, som er departementets fagdirektorat for havbotnmineral, har som del av arbeidet utarbeidd ei ressursvurdering for utgreiingsområdet.<sup>1</sup> Vurderinga viser betydelege forventa tilstadeverande ressursar i mineral på norsk kontinentalsokkel. Ein del av dei tilstadeverande ressursane kan vere utvinnbare. Det er så langt for lite kunnskap om utvinningsteknologi og utbyggingsløyvingar til at det er funne formålstenleg å vurdere malmar og estimere utvinningsgrad. Rapporten *Ressursvurdering havbunnsmineraler* ligg som vedlegg 2 til denne stortingsmeldinga, og hovudresultata går fram av kapittel 2 i meldinga.

<sup>1</sup> Petroleumstilsynet er delegert styresmakt for tryggleik og beredskap for havbotnmineralverksemd.

Oljedirektoratet har også hjulpet departementet i gjennomføringa av konsekvensutgreiingsprosessen og mellom anna koordinert det faglege utgreiingsarbeidet. Oljedirektoratet har konsultert andre relevante fagetatar og fagmiljø for å setje saman eksisterande kunnskap om naturressursar, miljø og næringsverksemd og om moglege verknader på desse.

Eit forslag til konsekvensutgreiingsprogram blei sendt på høyring 12. januar 2021 med ein høyringsperiode på tre månader. Departementet fekk til saman 53 høyringsinnspel. Etter behandling av desse blei programmet fastsett av departementet 10. september 2021. Ei konsekvensutgreiing blei utarbeidd på basis av det fastsette programmet. Grunnlagsrapportar og verknadsstudiar er samanfatta i dokumentet *Konsekvensutredning – undersøking og utvinning av havbunnsmineraler på norsk kontinentalsokkel*, som ligg ved denne stortingsmeldinga.

Konsekvensutgreiinga blei sendt på høyring 27. oktober 2022 med ein høyringsperiode på tre månader. Eit utkast til avgjerd om å opne eit område for mineralverksemd skal etter lova sendast på høyring saman med konsekvensutgreiinga. Av høyringsbrevet gikk det fram at departementet tok sikte på å opne heile eller delar av det området der Oljedirektoratet har mest data og kunnskap, og som direktoratet reknar som leitestategisk mest interessant i ein første fase. Forslaget til opningsområde gjekk fram av eit kart som låg ved høyringsbrevet og utgjer delar av utgreiingsområdet. Departementet varsla vidare at det tok sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om opning for havbotnmineralverksemd våren 2023. Departementet har også halde eit eige innspelsmøte i samband med høyringa. Departementet fekk over 1 100 høyringsinnspel, og 70 kom frå etatar/organisasjonar/selskap. Andre høyringsinnspel er tilnærma likelydande innspel frå privatpersonar. Hovudresultata frå konsekvensutgreiinga og vurderinga til departementet av sentrale tema som er tekne opp i høyringa, kjem fram av kapittel 4 i meldinga. Dei innkomne høyringsfråsegnene og departementets vurderingar av desse ligg som vedlegg til konsekvensutgreiinga som er vedlegg 1 til denne meldinga.

Det området som blei sendt på høyring, grensar opp til kontinentalsoklane til Island og Danmark/Grønland/Færøyane. Departementet har derfor også henta inn synspunkt frå desse landa.

## 1.2 Samandrag med forslag til opningsavgjerd

Noreg har store førekomstar av mineral som vil vere viktige i det grønne skiftet. Næringa skal forvaltast med utgangspunkt i strenge utslepps- og miljøkrav og på ein måte som sikrar at fellesskapet får sin del av verdiskapinga. I Hurdalsplattforma går det fram at regjeringa vil auke kartlegginga av mineralressursar både på land og på kontinentalsokkelen i Noreg, med særleg vekt på mineralområde som kan spele ei stor rolle i det grønne skiftet, til dømes sjeldne jordartar. Ved å halde fram og styrkje statleg kartlegging og opne for at industriaktørar kan kartlegge og samle inn data, vil regjeringa sørgje for ein auka samla kartleggingsaktivitet.

Denne meldinga handlar om havbotnmineral. Regjeringa vil omtale vidareutviklinga av landbasert mineralverksemd i mineralstrategien sin.

Konsekvensutgreiinga peikar på at kunnskapen om natur- og miljøforhold i opningsområdet er avgrensa. Forskingsinstitusjonar, særleg Universitetet i Bergen, har dei to siste tiåra kartlagt natur- og miljøforhold i dei norske djuphavområda, og datainnsamlinga har særleg fokusert på dei aktive kjeldene. Like fullt er det eit stort behov for kunnskap om natur- og miljøforholda i desse områda, og auka kunnskap og meir data er nødvendig.

For at private verksemdar skal kunne bidra til kartlegging av ressurspotensialet og miljøverdiane og til å auke kunnskapen om miljøverknadene av ei eventuell framtidig havbotnmineralverksemd, er det nødvendig å opne område for slik verksemd. Ved å gjere det mogleg for kommersielle aktørar å leite vil ein gjennom arbeidsprogramma som vert fastsette og den tilhøyrande leiteaktiviteten få meir datainnsamling og meir omfattande kunnskapsinnhenting. Dette vil bidra til viktig kunnskapsinnhenting. Parallelt med ev. leiteverksemd av private aktørar vil kunnskapsinnhenting i statleg regi halde fram og bli styrkt. Privat leiteverksemd og vidare statleg innsats innanfor kunnskapsinnhenting og forskning og utvikling vil saman styrkje kunnskapsgrunnlaget fram mot behandling av ev. søknader om godkjenning av utvinningsplanar frå rettshavarar.

Ei opning av område vil ikkje automatisk føre til utvinning, men gir styresmaktene høve til å setje i gang ein prosess for tildeling av løyve og dermed kommersiell leiteaktivitet. Utvinning vil berre skje dersom styresmaktene mottok søknader som tilfredsstillar dei krava som er sette og det vert gitt løyve, og dersom kommersielt utnytt-

bare ressursar blir påviste og rettshavarane får godkjent ein utvinningsplan. For at styresmaktene skal godkjenne ein utvinningsplan, må det godtgjerast at utvinninga kan skje på berekraftig og forsvarleg vis, slik at omsynet til miljø, tryggleik og ev. anna verksemd til havs i det aktuelle området er godt tekne hand om, og slik at sameksistensen med andre verksemdar blir vareteken.

Aktivitet under løyve som blir tildelte etter opning, vil i første omgang dreie seg om leiting. Som konsekvensutgreiinga har vist, er det venta små miljøverknader av leiting. Etter opning kan styresmaktene etter lova lyse ut område og tildele utvinningsløyve. Utvinningsløyve gir einerett til undersøking og til å søkje om godkjenning av plan for utvinning i området som er omfatta av løyvet. Det kan også tildelast undersøkingsløyve som ikkje gir slik einerett. Denne typen løyve vil venteleg vere lite kommersielt interessant og dermed lite relevant i ein tidleg fase etter opninga, ettersom det ikkje finst nokon marknad for kjøp og sal av data. Ein slik marknad vil ikkje bli etablert med mindre aktørar ser utsikter til at lønnsam utvinning er mogleg, og derfor ønskjer å betale for leiteverksemd som ein tredjepart står for.

Før ei eventuell utvinning av ressursane, må utbyggjaren gjennomføre ein konsekvensutgreiingsprosess som del av arbeidet med ein utvinningsplan som treng godkjenning frå styresmaktene. Ei slik prosjektspesifikk konsekvensutgreiing må ut på høyring. Det same skal programmet for utgreiinga som etter den offentlege høyringa blir fastsett av departementet. Denne prosessen vil bidra til at relevante miljørelaterte forhold ved det foreslåtte utvinningsprosjektet blir greidde ut. Slike prosessar gir stor kunnskapsinnhenting om lokale forhold.

Før utvinning kan skje, vil det vere eit nytt avgjerdspunkt for styresmaktene. Kvar utvinningsplan som rettshavarar utarbeider, må godkjennast av styresmaktene. Planen vil gjelde eit definert foreslått prosjektområde og ei bestemd utvinningsløyving. Tildeling av utvinningsløyve gir såleis ikkje ein vilkårslaus rett til utvinning sjølv om det blir gjort drivverdige funn. Utvinning vil også krevje eit løyve frå miljøstyresmaktene etter forureiningslova.

Etter opninga vil det bli sett i gang ein prosess for å utlyse og tildele løyve under havbotnminerallova. I lys av kunnskapsmangelen i området er det særleg viktig å ha ei føre-var-tilnærming til aktiviteten operasjonalisert gjennom ei stegvis utvikling.

Basert på det som har komme fram i faggrunnlaget og innkomne høyringsfråsegner, vil det bli sett vilkår for opningsområdet om at utvin-

ning av aktive hydrotermale strukturar ikkje vil vere tillate og slike strukturar skal beskyttast slik at dei ikkje blir skadde av verksemd i tilgrensande område.

#### *Regjeringa vil*

- opne for havbotnmineralverksemd i det området på norsk kontinentalsokkel som har vore på offentlig høyring med unntak av eit område i sør
- etablere og vedlikehalde klare og føreseielege rammevilkår for havbotnmineralverksemda
- forvalte havbotnmineralressursane innanfor forsvarlege og berekraftige rammer basert på føre-var-prinsippet og ei økosystem-basert tilnærming
- sikre at omsynet til miljø blir vareteke i alle fasane av mineralverksemda. Utvinning vil berre bli godkjend dersom rettshavarens utvinningsplan godtgjer at den planlagde utvinninga kan skje på berekraftig og forsvarleg vis, slik at omsynet til miljø, tryggleik og ev. anna verksemd til havs i det aktuelle området er godt tekne hand om, og slik at sameksistensen med andre verksemdar blir vareteken
- ikkje tillate utvinning av aktive hydrotermale strukturar og beskytte slike strukturar slik at dei ikkje blir skadde av verksemd i tilgrensande område. Ein utvinningsplan vil berre bli godkjend dersom det kan godtgjerast at utvinning kan gjennomførast slik at det ikkje fører med seg vesentlege negative verknader for naturmangfaldet knytt til dei aktive strukturane
- ta relevante rammer som blir sette for havbotnmineralverksemda inn i dei heilskaplege forvaltningsplanane for havområda
- vidareutvikle det norske regelverket for å sikre at havbotnmineralverksemd under havbotnminerallova til kvar tid blir gjennomført innanfor relevante internasjonale forpliktingar som Noreg har slutta seg til: under dette havrettskonvensjonen og konvensjonen for biologisk mangfald
- at Noreg skal vere verdslieiane når det gjeld ei fakta- og kunnskapsbasert forvaltning av havbotnmineralressursane som er heilskapleg, berekraftig og forsvarleg
- føre ein arealtildelingspolitikk som gjer at kommersielle aktørar gradvis kan byggje opp ein portefølje for aktivitet, slik at verksemda kan halde fram over tid
- leggje til rette for konkurranse om oppdrag i næringa, slik at konkurransedyktige norsk-

- baserte aktørar kan delta i konkurransen om oppdrag knytte til leiting, utbygging og drift av havbotnmineral på norsk sokkel
- leggje til rette for god sameksistens mellom havbotnmineralverksemd og eksisterande og potensielle nye havnæringar
  - leggje til rette gjennom arealtildelingspolitikken for ei stegvis, kunnskapsbasert og rasjonell utforsking av opna areal
  - setje i gang ein prosess for å utlyse og tildele løyve under havbotnminerallova. Gjennom tilhøyrande arbeidsprogram vil tildeling av løyve bidra til kunnskapsoppbygging rundt havbotnmineralverksemd
  - sikre at omsynet til nasjonal tryggleik blir vareteke ved tildelingar av løyve under havbotnminerallova
  - halde fram kartlegginga av norske havbotnmineral og setje i gang ytterlegare kartlegging av natur- og miljøforhold for å leggje til rette for ei effektiv og stegvis utforsking frå næringa og for å styrkje kunnskapsgrunnlaget til staten
  - kartleggje miljøforhold i områda som er relevante for mineralverksemd, gjennom Mareano-programmet
- sikre at relevante data som rettshavarar samlar inn, deriblant relevante miljødata, i samsvar med havbotnminerallova, blir delte med styresmaktene, deriblant også Mareano-programmet
  - gi Havforskningsinstituttet eit oppdrag om å auke kunnskapen om regionale og lokale havstraumar i dei ulike djupa i Norskehavet og Grønlandshavet
  - at det i samband med kartlegging av ressurspotensialet for havbotnmineral på norsk kontinentalsokkel i regi av Oljedirektoratet og gjennomføring av ressurskartleggingstokt også normalt blir samla inn miljødata i samarbeid med relevante fagmiljø som ved Universitetet i Bergen
  - opprette ei målretta og heilskapleg satsing i regi av Noregs forskingsråd på forskning og innovasjon for å styrkje kunnskapen om miljø- og naturverdiar i djuphavet og føresetnadene for berekraftig utvinning av havbotnmineral, inkludert berekraftige teknologiar og løysingar
  - etablere ein møteplass for dialog mellom næring, forskingsmiljø og styresmakter som kan gi innspel til korleis forskingsinnsatsen best kan målrettast

## 2 Norske ressursar kan bidra til å dekkje eit stort og veksande metallbehov globalt og i Vesten

I dagens samfunn nyttar vi dagleg produkt og teknologiar som er produserte av metall. Metall blir brukte i mobiltelefonar, overføringsnett, motorar, harddiskar, batteri og mykje meir. Alle industrielle verdikjeder treng metall, og etterspurnaden etter metall er venta å auke mykje i åra framover. Delar av dette behovet kan dekkjast gjennom resirkulering og gjenvinning, men på grunn av den sterke forventa veksten i behov og omløpstider vil ikkje det åleine kunne dekkje heile behovet. Verda treng derfor auka produksjonskapasitet både for å erstatte eksisterande produksjonsområde som blir tømde, og for å dekkje eit aukande behov.

Påliteleg og sikker tilgang til metall har fått auka merksemd blant både styresmakter, internasjonale organisasjonar og industriar. Det er i dag høg geografisk konsentrasjon blant produsentlanda, noko som kan gi utfordringar for forsyningstryggleiken. Produksjonskjedene for fleire sentrale mineral og metall er dominerte av land utanfor Vesten. Den vestlege verda, og spesielt Europa, er i dag i stor grad avhengig av import for å dekkje behovet for metall. Forsyningstryggleiken for mineral og metall har derfor fått betydeleg auka merksemd dei siste åra både i USA, i Europa og i resten av verda.

Den internasjonale diskusjonen om å opne for utvinning av havbotnmineral er prega av ulike synspunkt. Miljørørsla, delar av academia, faglege institusjonar og enkelte land og næringslivsaktørar er kritiske til utvinning av havbotnmineral, både på kontinentalsokkelen til landa og i det såkalla Området – havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon – før det ligg føre tilstreккеleg kunnskapsgrunnlag om miljøforhold og miljøkonsekvensar. Det er oppretta ein allianse av nokre land og sivilsamfunnsaktørar som ønskjer eit moratorium i påvente av auka kunnskap. EU-parlamentet og EU-kommisjonen har uttrykt skepsis til utvinning av havbotnmineral. Samtidig blir forsyningstryggleiken for mineral i aukande grad vektlagd. Det er dessutan ulike syn blant EU-landa, også i dei pågåande forhandlingsprosessane innanfor ramma av Den internasjonale havbotnstyresmakta (Havbotnstyresmakta), der

statane forhandlar om det internasjonale regelverket for slik aktivitet utanfor nasjonal jurisdiksjon.

Norsk kontinentalsokkel har eit ressurspotensial som gjer at Noreg på noko sikt kan bidra i større grad til å dekkje noko av behovet for mineral og metall i Vesten og verda. Dette føreset at slik verksemd kan utøvast på berekraftig vis, og at ressursbasen er lønnsam.

### 2.1 Aukande behov for metall


Fram til i dag har behovet for metall auka i takt med ei meir digitalisert og elektrifisert verd. Sjølv om kopar har vore i bruk i over 10 000 år, er den globale bruken av kopar meir enn tredobla dei siste 50 åra.<sup>2</sup> Dette kjem av auka etterspurnad knytt til elektriske og elektroniske produkt, bygg og anlegg, maskiner og verktøy nytta i industrien, transportsektoren og generelt veksande forbruk. Befolkningsveksten, auken i velstandsnivå og overgangen til lågutsleppssamfunnet er faktorar som driv etterspurnaden etter metall.

Det er brei semje om at verda vil trenge auka forsyning av metall.<sup>3</sup> Ifølgje IEAs rapport *The Role of Critical Minerals in Clean Energy Transitions*<sup>4</sup> kjem fornybare energiteknologiar til å bli det raskest veksande segmentet for etterspurnad av kritiske mineral. Rapporten inkluderer heile mineral- og metallverdikjeda frå gruveutvinning til prosessering, men nyttar «mineral» som eit samleomgrep. IEA definerer *kritiske* mineral som mineral og metall som ved manglande forsyning kan hin-

<sup>2</sup> Copper Factbook – International Copper Study Group (icsg.org).

<sup>3</sup> Verdsbanken, *Minerals for Climate Action: The Mineral Intensity of the Clean Energy Transition* (2020). SINTEF, *The Future is Circular: Circular Economy and Critical Minerals for the Green Transition* (2022). KU Leuven, *Metals for Clean Energy: Pathways to solving Europe's raw materials challenge* (2022).

<sup>4</sup> *The Role of Critical Minerals in Clean Energy Transitions* (publisert 2021, oppdatert 2022).



Figur 2.1 Mineral og metall nytta i utvalde fornybare energikjelder

Kjelde: IEA

dre det internasjonale arbeidet med å redusere klimaendringane.

Lågutsleppsteknologiar er materialintensive. Til dømes krev ein typisk elbil seks gonger meir av kritiske mineralressursar samanlikna med ein bensindrivne bil, og eit landbasert vindkraftverk krev ni gonger meir av kritiske mineralressursar samanlikna med eit gasskraftverk med same kapasitet, sjå figur 2.1. Materialintensiteten for kritiske mineral aukar også for fossildrivne teknologiar dersom ein aukar effektiviteten. Til dømes krev det mest effektive kolkraftverket mykje meir nikkel enn det minst effektive som følgje av høgare forbrenningstemperaturar, og katalytiske omformarar bruker platina eller palladium til å redusere utslepp frå forbrenningsmotorar. Den sterke koplinga mellom kritiske mineral og lågutsleppsteknologiar vil gi auka behov for tilgang til slike mineralressursar i åra som kjem.

Kva grunnstoff som krevst er avhengig av kva bruksområde det er snakk om, og av framtidig teknologiutvikling og kva løysingar som blir valde. Til dømes trengst litium, nikkel, kobolt, mangan og grafit i batteri. Sjeldne jordartar er nødvendige for permanente magnetar i vindturbinar og motorar i elbilar. Overføringsnettet, som vil vekse i takt med auka elektrifisering globalt, vil krevje enorme mengder kopar og aluminium.

Kopar peikar seg spesielt ut som ein avgjerande innsatsfaktor i alle elektrisitetsrelaterte teknologiar. Kor mykje etterspurnaden etter dei ulike grunnstoffa kjem til å auke, kjem mellom anna an på kor raskt overgangen til lågutsleppsteknologiar skjer, og kva lågutsleppsteknologiar som vinn fram.

For å seie noko om utviklinga i etterspurnad har IEA i rapporten om kritiske mineral nytta *Stated Policies Scenario (STEPS)* som eit utgangspunkt. STEPS er ei modellbasert framskrivning av energiforsyninga i verda som tek utgangspunkt i klimatiltak som allereie er implementerte, og klimatiltak som i dag er under utvikling i ulike land. Dette scenarioet viser tydeleg auka etterspurnad etter mineral dei neste 20 åra. Ifølgje scenarioet kjem den totale mineraletterspurnaden frå lågutsleppsteknologiar til å vere dobla innan 2040. Eit anna scenario IEA nyttar i rapporten, er *Sustainable Development Scenario (SDS)*. Når IEA utarbeider SDS, tek dei utgangspunkt i at verda når klimamålet om ein temperaturauke «godt under 2 grader». Deretter lagar dei ein utviklingsbane som gjer at dette målet blir nådd. For å etablere denne utviklingsbanen gjer dei ei rekkje antakingar om tilstrekkeleg teknologiutvikling og nye klimatiltak som gjer at målet blir nådd, sjølv om det basert på dagens situasjon ikkje nødvendigvis er

### Boks 2.1 FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål<sup>1</sup> er verdas handlingsplan for berekraftig utvikling. 2030-dagsordenen er konkretisert gjennom 17 berekraftsmål og 169 delmål som handlar om å oppnå berekraftig utvikling langs tre dimensjonar: økonomisk, sosialt og miljømessig. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Det vil ikkje vere mogleg å nå fleire av berekraftsmåla utan auka tilgang på mineral. Mineralutvinning frå havbotnen kan bidra positivt til å nå fleire av berekraftsmåla, mellom anna mål 7 om *rein energi til alle* gjennom forsyning av metall som er viktige innsatsfaktorar i fornybare energiteknologiar. Auka bruk av fornybare energiteknologiar kan ha positiv effekt på mål 13 om *å stoppe klimaendringane*. Samtidig kan mineralutvinning frå havbotnen vere utfordrande med

omsyn til mål 14 om *livet i havet* og mål 12 om *ansvarleg forbruk og produksjon*, noko som også Høgnivåpanelet for ein berekraftig havøkonomi (Havpanelet) har påpeika. I arbeidet med å nå berekraftsmåla er det viktig å sjå til at innsatsen for å nå eitt mål ikkje går vesentleg ut over sjansane til å nå eit anna mål. Noreg kan gå føre og vise veg ved å etablere forsvarleg og berekraftig mineralverksemd på havbotnen. Noreg kan med det også bidra til at ei eventuell framtidig utvinning av havbotnmineral skjer på ein forsvarleg måte innanfor rammer som varetek omsynet til livet i havet (mål 14), og i samsvar med strenge miljøkrav og høge HMS-standardar også internasjonalt.


<sup>1</sup> <https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/id2590133/>.

utsikter til ei slik utvikling, og sjølv om ein kan nå det totale målet på ei rekkje ulike måtar.

IEA peikar spesielt på det aukande behovet for mineral og metall i batteriteknologiar. Figur 2.2 viser IEAs vekstanslag for etterspurnaden av metall som trengst i produksjonen av batteri og fornybare energiteknologiar i STEPS og i SDS. Som figur 2.2

viser, vil ein utviklingsbane som i STEPS føre til ein kraftig etterspurnadsvekst for utvalde mineral frå fornybare energiteknologiar, mens SDS vil føre til ein enorm auke. Eksempelvis aukar etterspurnaden etter litium med 42-gongen frå 2020 til 2040 i SDS.

Sjølv om det er uvisse om framtidig teknologitviking, er tendensen klar: Det grøne skiftet og



Figur 2.2 Potensiell etterspurnadsvekst for utvalde mineral frå fornybare energiteknologiar i 2040- vs. 2020-nivå

Kjelde: IEA

auka bruk av lågutsleppsteknologi vil føre til auka etterspurnad etter kritiske mineral.

## 2.2 Sikker og påliteleg forsyning av mineral og metall

Metall blir i dag produserte frå landbaserte kjelder gjennom uttak av malm til oppriking og vidareforedling gjennom prosessering av mineralkonsentrat. Australia, Kina, USA, Russland, Chile, Brasil, Canada, Sør-Afrika, Den demokratiske republikken Kongo (DR Kongo), Indonesia, Filipinane og Peru er blant landa med store ressursar og produksjon. Påliteleg og sikker tilgang til rimeleg energi og råvarer har fått auka merksemd blant både styresmakter, internasjonale organisasjonar og industriar.

Ettersom mineral og metall er så viktige for energi, teknologi og forsvarsindustri, har desse råvarene ein tryggingpolitisk dimensjon som truleg vil bli sterkare vektlagt i åra som kjem. Teknologisk innovasjon i sivil, kommersiell sektor kan også utnyttast militært. Høgteknologi vil kunne vere særleg utsett.

Det er eit tryggingpolitisk mål å minimere avhengnaden av import av kritiske innsatsfaktorar. Høg grad av importavhengnad kan gjere nasjonar, samfunn og industriar sårbare for marknadsforstyrningar som følgje av geopolitiske konfliktrar, alliansar og konkurransar. Sikker tilgang på mineral og metall har derfor fått aukande merksemd i EU og globalt. Fleire aktørar har utarbeidd ei oversikt over råvarer dei reknar som kritiske i lys av rolla dei spelar for nasjonal tryggleik eller økonomisk utvikling.

Europakommisjonen har utarbeidd ei oversikt over kritiske råvarer.<sup>5</sup> Europakommisjonen definerer *kritiske råvarer* som dei som har signifikant økonomisk betydning, og der det er knytt risiko til forsyninga. I tillegg inkluderer lista *strategiske råvarer* som er avgjerande for teknologiar som er viktige for EUs ambisjonar innanfor mellom anna grøn og digital utvikling. Oversikta blir jamleg revidert og oppdatert, sist i 2023, og består no av 34 råvarer. USA<sup>6</sup> og Australia<sup>7</sup> har produsert liknande oversikter for *kritiske mineral*. USAs oversikt over kritiske mineral blei sist oppdatert i 2022 og inneheld 50 mineral.

<sup>5</sup> Critical raw materials (europa.eu).

<sup>6</sup> U.S. Geological Survey Releases 2022 List of Critical Minerals, U.S. Geological Survey (usgs.gov).

<sup>7</sup> Critical Minerals at Geoscience Australia, Geoscience Australia (ga.gov.au).

På norsk kontinentalsokkel er det påvist to typar mineralførekomstar: sulfid og manganskorper. Sulfidmineraliseringa på norsk sokkel er dominert av kopar og sink og kan innehalde interessante mengder gull, sølv og kobolt. I manganskorpene på norsk sokkel er det påvist mangan, jern, titan, kobolt og vanadium, og dessutan sjeldne jordartar som scandium, neodym, terbium og dysprosium. Fleire av desse har EU, USA og Det internasjonale energibyrået (IEA) identifisert som mineral som er nødvendige for dagens økonomi og med risiko knytt til forsyninga. Kapittel 2.4 inneheld ei nærare oversikt over forventa tilstadeverande ressursar på norsk kontinentalsokkel.

### 2.2.1 Sirkulærøkonomien

Det er eit stort potensial for å auke resirkuleringa og gjenvinninga av metall. Gjenvinning og utvikling av ein sirkulær økonomi vil vere viktig for å utnytte ressursane som allereie er i omløp, og for å redusere behovet for utvinning. Resirkulering og gjenvinning vil vere viktig for å redusere miljømessige verknader og kan bidra til å sikre lokal tilgang på mineral og metall.

Ulike produkt har ulik levetid og ulikt resirkuleringspotensial. Til dømes vil ein brusboks typisk bli ein del av avfallsstraumen i løpet av ein månad etter at brusen er konsumert, mens det kan ta over 40 år frå byggjemateriale blir brukte, til dei blir samla inn for resirkulering.

Den auka etterspurnaden av metall er i stor grad driven av auka etterspurnad i lågutsleppsteknologiar. I det siste er det sett sterkare søkjelys på lågutsleppsteknologiar, og dei blir tekne i bruk i større og større skala, men mange av dei har ikkje vore nytta lenge nok eller i stor nok grad til at det er fysisk mogleg å dekkje etterspurnaden i vesentleg grad gjennom gjenvinning.

I framtida vil derimot teknologiane som blir nytta i dag, kunne føre til at produkt blir resirkulerte, dersom gjenvinningsalternativa er til stades. IEA reknar med at gjenvinning av fornybare energiteknologiar kan bli ei stor kjelde til forsyning etter 2040. Likevel meiner IEA at gjenvinning ikkje vil eliminere behovet for kontinuerleg investering i utvinning av metall.

Nye produkt og meir kompliserte samansettningar av metall innanfor forbrukarelektronikk og legerte materiale kan gjere gjenvinning meir krevjande. Potensialet for å resirkulere ulike metall kan derfor variere mellom dei ulike produkta og metalla. Til dømes kan nye jern- og

koparlegeringar gi forbetra funksjonalitet, men gjere gjenvinning vanskelegare.

## 2.2.2 Behovet for auka produksjon

Å auke tilgangen på mineral og metall krev store investeringar i ny infrastruktur for mineralutvinning og prosessering, og kan innebere miljø- og samfunnsmessige utfordringar. All slik aktivitet skjer i dag på land.

Utsiktene for den kortsiktige mineralmarknaden er blanda. Ifølgje IEA vil nokre mineral vere i overskot på kort sikt (litium råmateriale og kobolt), mens andre mineral (litiumhydroksid, nikkell til bruk i batteri og enkelte sjeldne jordartar) kan stå overfor ein stram marknad allereie dei neste åra som følgje av auka etterspurnad. I IEAs STEPS overgår etterspurnaden etter mineral anslått produksjon frå eksisterande gruver og planlagde utvinningsprosjekt innan 2030 for dei fleste mineralressursane. Utilstrekkeleg forsyning av mineralressursar kan føre til auka prisvolatilitet, flaskehalsar og geopolitiske konflikter.

Som nøkkelinnsatsfaktorar i lågutsleppsteknologiar vil eit utilstrekkeleg tilbod av mineral og metall få negative konsekvensar for overgangen til eit dekarbonisert energisystem og det grønne skiftet.


Ifølgje IEA er dagens forsynings- og investeringsplanar ikkje tilstrekkelege for energiomstillinga, jf. figur 2.3. Eksisterande produksjon og produksjon under utbygging for kopar, litium og

kobolt fram mot 2030 er vesentleg lågare enn den etterspurnadsutviklinga som IEA trekkjer opp i analysane sine. IEA peikar på fleire utfordringar som kan påverke gjennomføringa av dagens planar, og som kan føre til strammare marknad og nye prissyklusar og dermed bremse energiomstillinga. Utfordringane inkluderer:

- høg geografisk konsentrasjon av produksjonen
- manglande samsvar mellom tempo i etterspurnadsveksten og typisk leietid for prosjekt
- effekten av avtakande ressurskvalitet
- auka regulering av produksjon som følgje av miljø- og samfunnsomsyn
- høgare eksponering for klimarisiko, for eksempel vassmangel i vassintensive gruveprosessar

IEA meiner det er nødvendig å auke investeringane og ha meir ambisiøse utvinningsplanar for at verda skal lykkast med overgangen til eit fornybart energisystem. Påliteleg og berekraftig forsyning kan avgjere om mineral og metall gjer det grønne skiftet mogleg eller blir ein flaskehals i prosessen.

Historisk sett har utvinning og prosessering av mineral og metall hovudsakleg vore konsentrert i eit fåtal land. Denne geografiske konsentrasjonen gjeld framleis i dag, jf. figur 2.4. Ifølgje IEA stod DR Kongo i 2019 for over 80 prosent av den globale produksjonen av kobolt, Chile produserte over 25 prosent av den globale forsyninga av kopar, og Kina stod for ca. 70 prosent av den globale produksjonen av sjeldne jordartar. Ifølgje



Figur 2.3 Eksisterande og planlagd utvinning av utvalde mineral samanlikna med etterspurnadsanslag som er lagde til grunn i IEAs STEPS og SDS

Kjelde: IEA

### Boks 2.2 Behovet for gode forvaltningssystem for gruvedrift – utfordringar sette i eit globalt perspektiv


Sjølv om fleire land, inkludert Noreg, har regelverk og system for å hindre negative konsekvensar, er ikkje dette tilfellet for all gruvedrift. Det er ifølgje IEA fleire døme på at mineralutvinningsaktivitet fram til i dag ikkje har ført til ei berekraftig økonomisk utvikling, eller at det har hatt negative sosiale effektar. Utan ei forsvarleg ressursforvaltning kan mineralutvinning føre til ei rekkje negative konsekvensar, som:

- sosial uro knytt til dødsfall og skadar på arbeidstakarar og andre, menneskerettsbrot, inkludert barnarbeid og negative effektar for kvinner og barn, i tillegg til korrupsjon og misbruk av statlege inntekter
- negative effektar på det ytre miljøet, inkludert tap av biodiversitet og sosiale konsekvensar som følgje av arealbruksendringar, stort vassbehov og ulike typar forureining
- betydelege utslepp av klimagassar frå energiintensiv utvinnings- og prosesseringsaktivitet

I USA utgjer kvinner berre om lag 14 prosent av dei tilsette i slik verksemd. Prosentandelen er den same også i EU. Tilsvarande tal for andre delar av verda finst ikkje, men det er liten grunn


til å forvente at situasjonen er særleg annleis der. Ein reknar med at kvinnedelen er noko større i småskalautvinning, men då i stor grad innanfor mindre attraktive støttefunksjonar. Fleire studiar viser vidare at i enkelte land kan både kvinner som er tilsette i slik verksemd, og dei som lever i slike lokalsamfunn, bli negativt påverka gjennom ulike mekanismar som oppstår dels som følgje av mineralutvinninga.

Vestlege land har eit ansvar for å utforske moglegheitene for ansvarleg hausting av naturressursar som verda treng, i tillegg til at det vil vere viktig for å oppnå både forsyningstryggleik og ei rettferdig omstilling. Ansvarleg og berekraftig mineralutvinning er i aukande grad rekna som ein sentral del av forsyningstryggleiken i mange land. Det er i tillegg fleire internasjonale organisasjonar som jobbar for ei meir berekraftig og forsvarleg mineralutvinning globalt. Slik innsats vil også framover vere avgjerande for å få industriaktørane til å identifisere og ta hand om dei risikoane som finst i forsyningskjedene deira. Handel må ha ei viktig rolle i å sikre stabil tilgang av mineral til den globale energiomlegginga.



Figur 2.4 Geografisk konsentrasjon blant produsentland i 2019 og 2025 frå planlagde prosjekt

Kjelde: IEA



Figur 2.5 Gjennomsnittlige leietider frå funn til produksjon, 2010–2019

Kjelde: IEA

IEAs analyse av dagens prosjektplanar er det usannsynleg at dette biletet blir endra i nær framtid. Ser ein vidare i verdikjeda for prosesseringsaktivitetar, oppdagar ein at også desse er konsentrerte i eit knippe land. Kina er ein spesielt stor aktør med ein marknadssdel innanfor prosessering på rundt 35 prosent for nikkel, 50–70 prosent for litium og kobolt, og nesten 90 prosent for sjeldne jordartar (IEA). Dette gjer marknadene sårbare for politisk uro og endring, geopolitiske konfliktrar, fysiske forstyrningar (til dømes jordskjelv og flaum) og potensielle eksportrestriksjonar. Ifølgje IEAs gjennomgang av eksisterande produksjon og planlagde prosjekt kjem den geografiske konsentrasjonen i stor grad til å vere uendra dei kommande åra.

Auka etterspurnad, forbetra teknologi og høgare råvareprisar har ført til ein auke i talet på påviste ressursar og reservar av mineral dei siste åra. Som eit resultat har påviste økonomisk lønnsame reservar vakse trass i auka produksjon. Likevel kan minkande malmkvalitet i eksisterande gruver by på fleire utfordringar for utvinning, prosesseringskostnader, utslepp og avfallsmengde. Minkande malmkvalitet kan dermed føre til høgare prisar som følgje av auka produksjons- og prosesseringskostnader. Nye utvinningsprosjekt vil over tid vere nødvendige for å erstatte eldre gruver.

Ei stor utfordring for investeringar i gruvedrift og utvinning er den lange leietida frå funn til pro-

duksjon, jf. figur 2.5. Ifølgje IEA tek det i snitt meir enn 12 år å gjennomføre leite- og lønnssemdsstudiar, mens utbyggingsfasen tek 4–5 år. IEA åtvarar om at dersom ein ventar med å starte nye utvinningsprosjekt til knappleiken i forsyninga av metall er synleg, vil ein risikere strammare metallmarknad, med tilhøyrande høge prisar og auka prisvolatilitet.

Auka forsyning kan bidra til meir fleksibilitet i marknaden og dermed stabilisere prisutviklinga. I tillegg vil ei stabil, kontinuerleg forsyning av metall kunne bidra til meir føreseielege metallprisar. Eit tiltak for å sikre kontinuerleg forsyning kan vere å auke talet på utvinningsområde og redusere den geografiske konsentrasjonen. Noreg har eit ressurspotensial på norsk kontinentalsokkel som på noko sikt i større grad kan bidra til diversifisering og møte delar av det auka behovet for mineral og metall i framtida.

## 2.3 Havbotnmineralaktivitet globalt

Det går ikkje føre seg kommersiell utvinning av havbotnmineral i verda i dag. Det vil ta tid før mineral frå slike førekomstar i stor grad kan vere med å dekkje mineralbehovet i verda. Samtidig kan det bli ei viktig og stor kjelde til mineral dersom ressursane viser seg å vere lønnsame å utnytte og utvinning kan skje på berekraftig vis.

### 2.3.1 Aktivitet utanfor den nasjonale jurisdiksjonen til statane

Havbotnen og undergrunnen utanfor den nasjonale jurisdiksjonen til statane utgjer det internasjonale havbotnområdet (omtalt som «Området» i havrettskonvensjonen). Ifølgje konvensjonen tilhøyrer Området og førekomstane av ressursar der heile menneskeslekta som «den felles arven til menneskeslekta». Den internasjonale havbotnstyresmakta (Havbotnstyresmakta) handlar på vegner av menneskeslekta. Alle statspartane til havrettskonvensjonen er utan vidare medlemmer av Havbotnstyresmakta. Konvensjonen seier at mineralressursane i Området skal forvalast slik at dei kjem heile menneskeslekta til gode, uavhengig av den geografiske plasseringa til statane, og med særleg omsyn til mellom anna interessene og behova til utviklingsland.


Havbotnstyresmakta, som har hovudkontor i Kingston på Jamaica, blei oppretta i 1994 og forvaltar i dag desse mineralressursane i tråd med føresegnene i konvensjonen. Eit regelverk for leiting etter nodular blei vedteke i 2000, og i løpet av eit år blei dei første sju leitekontraktane tildelte. Sidan år 2000 har Havbotnstyresmakta også fått på plass regelverket for leiting etter manganskorper og sulfid og tildelt 24 kontraktar til. I tida etter 2012 var det ein periode med markant auke i talet på søknader om nye leitekontraktar, sjå figur 2.6.

Dette kan henge saman med at leiteregelverket for alle dei tre typane havbotnmineral var komme

på plass på dette tidspunktet. Auken fall dessutan saman med tida då det blei klart at det var i ferd med å utvikle seg ein monopolsituasjon i marknaden for kritiske metall. Per 1. januar 2023 er det 31 aktive leitekontraktar innanfor Området, fordelt på Stillehavet, Atlanterhavet og Indiahavet. Det er 19 kontraktar for nodular, 7 for sulfid og 5 for manganskorpe (sjå figur 2.7). Den vesentlegaste mengda med data og informasjon om ressursgrunnlag og biologi i desse djuphavsområda er samla inn gjennom desse leitekontraktane. Dette er eit viktig og stort bidrag til djuphavsforskninga.


Ein leitekontrakt kan tildelast direkte til ei regjering eller til eit offentleg eller privat selskap. Kontrakten gir kontraktøren einerett på leiting innanfor kontraktområdet. Kontraktøren forpliktar seg til eit nærare detaljert leiteprogram med budsjett og må årleg rapportere inn all aktivitet og innsamla data. Eit slikt leiteløyve gir ikkje automatisk rett på utvinning, og det må søkjast eige løyve for seinare utvinning.

For å få ein leitekontrakt må søkjaren ha formell støtte frå ein stat som garanterer at søkjaren er under effektiv kontroll av denne staten (omtalt som «sponsorstat»). Dei fleste kontraktørane som driv aktivitet innanfor Området, er statsinstitusjonar og statseigde selskap, mens mindretalet er private selskap. Land som Frankrike, Tyskland, Storbritannia, Belgia, India, Brasil, Polen, Russland, Kina, Sør-Korea, Nauru, Tonga, Kiribati, Singapore, Cookøyane og Jamaica er sponsorstatar. I tillegg til kartlegging av ressursane omfattar leite-



Figur 2.6 Oversikt over søknader om leitekontraktar i Området

Kjelde: Data frå Havbotnstyresmakta, samanstilt av Oljedirektoratet



Figur 2.7 Leitekontraktar i Området. Ressurstypen er indikert etter fargekoden, og talet på kontraktar innanfor kvart område er oppført med tal i same farge.

Kjelde: Oljedirektoratet

### Boks 2.3 Det internasjonale høgnivåpanelet for ein berekraftig havøkonomi

Det internasjonale høgnivåpanelet for ein berekraftig havøkonomi (Havpanelet) er leidd av statsminister Jonas Gahr Støre og Palaus president Surangel Whipps jr. Panelet består av statsleiarar frå 17 kyststatar: Australia, Canada, Chile, Fiji, Frankrike, Ghana, Indonesia, Jamaica, Japan, Kenya, Mexico, Namibia, Noreg, Palau, Portugal, Storbritannia og USA. Gjennom Havpanelet ønskjer regjeringa å skape auka internasjonal forståing for samanhengen mellom den økonomiske betydninga av havet og miljøtilstanden i havet. Noreg skal bidra til å byggje opp ein berekraftig havøkonomi globalt. Noreg slutta seg i 2020 til tilrådingane frå Havpanelet. Havpanellanda har politisk forplikta seg til

å forvalte 100 prosent av dei nasjonale farvatna sine berekraftig innan 2025 basert på *Planar for berekraftig havforvaltning*. Samtidig oppmodar dei alle andre havland til å gjere det same innan 2030.

Panelet tilrår ei føre-var-tilnærming til utvinning av havbotnmineral og at det bør liggje føre tilstrekkeleg kunnskap og regelverk til å sikre at all verksemd knytt til mineralutvinning på havbotnen byggjer på vitskap og er berekraftig. Panelet tilrår også at det blir initiert ein internasjonal forskingsagenda for å skape betre forståing av miljøverknadene og risikoane ved mineralutvinning på havbotnen, særleg når det gjeld økosystem på dei store havdjupa.

kontraktane også moglegheit til å teste utvinningsutstyr. Det har blitt gjennomført ulike testar av mellom anna utvinningsutstyr for nodular i Clarion Clipperton-sona sentralt i Stillehavet, jf. figur 2.7. I august–september 2022 gjennomførte *Nauru Ocean Resources Inc.* (NORI) den til no mest omfattande utvinningstesten, der dei testa både noduloppsamlar og hevingssystem. Testen

var vellykka, og dei henta opp 3000 tonn nodular frå 5000 meters djup i Clarion-Clipperton-sona.

Det blir i dag ikkje vunne ut mineral frå djuphava nokon stad i verda. Statane i Havbotnstyresmakta forhandlar for tida om eit regelverk for utvinning av mineral frå Området. I utgangspunktet er det teke sikte på å ferdigstille dette i 2023.

### 2.3.2 Aktivitet innanfor nasjonal jurisdiksjon

Havbotnmineralressursane på kontinentalsokkelen tilhøyrrer kyststaten og blir forvalta av denne. Det går føre seg havbotnmineralaktivitet i område innanfor nasjonal jurisdiksjon i ulike delar av verda. Både Japan, Kina, Papua Ny-Guinea, India, USA og Cookøyane har gjennomført ulike prosjekt på eigen kontinentalsokkel.

Det er Solwara 1-prosjektet på Papua Ny-Guinea som har komme lengst i utviklinga. Prosjektet skulle bli den første kommersielle produksjonen i verda av havbotnmineral, og formålet var å vinne ut sulfid frå 1600 meters djup i Bismarckhavet. Det canadiske selskapet *Nautilus Minerals* stod bak prosjektet. Utstyr for produksjon av sulfida på havbotnen i tillegg til stigerøyr og løfteutstyr, var klart til produksjon med planlagd oppstart i 2018, men selskapet erklærte seg konkurs i 2019.

Japan har gjennom fleire år hatt leiteaktivitet i statleg regi og gjennomført kartlegging av område innanfor nasjonal jurisdiksjon. Både i 2017 og 2020 gjennomførte *Japan Oil, Gas & Metals Corporation* (JOGMEC) testar av utvinningsteknologi. I 2017 blei teknologi for utvinning av sulfidførekomstar testa, med utgraving av malm på 1600 meters djup og transport av malmen til overflata. I 2020 blei det gjennomført undersøkingar og uttak av skorper frå sjøfjell på mellom 800 og 2400 meters djup. Desse blei deretter knuste, og sand og bergartar blei løfta opp på skipet. Malmen blei smelta, og kopar, nikkel og kobolt blei skilde ut. Denne aktiviteten er ein del av planane som japanske styresmakter har for å utnytte marine ressursar. Planane blei oppdaterte i 2019.

I 2024 planlegg Japan å starte produksjon av sjeldne jordartar på mellom 5000 og 6000 meters havdjup ved Minami-Torishima-atollet i Stillehavet, 1900 kilometer søraust for Tokyo. Dette er eit ledd i arbeidet med å bli mindre avhengig av Kina når det gjeld slike ressursar.<sup>8</sup> Japan har begynt arbeidet med å utvikle teknologi for utvinning av ressursane, og det er løyvd midlar til å utvikle utstyr som skal brukast til prøveutvinning på 6000 meters vassdjup.

I april 2021 gjennomførte det indiske *National Institute of Ocean Technology* ein test av nytt utstyr for utvinning av havbotnmineral og utforsking av malmprospekt, og ein test av ein såkalla «seabed crawler» på havdjup ned til 5000 meter. Dette er den djupaste testen som så langt er gjennomført. Det indiske prosjektet «*Deep Ocean Mission*» til

500 millionar USD skal styrkje evna landet har til å undersøkje og utnytte ressursane i djuphava dei neste fem åra.

Kina driv også med havbotnmineralaktivitet innanfor nasjonal jurisdiksjon. Mellom anna har dei gjennomført ein test i Sør-Kina-havet av utvinningsutstyr for skorper. Testen omfatta eit køyretøy, *Pioneer I «seafloor crawler»*, som skal brukast til leiting, prøvetaking og forskning. Testen blei gjennomført på havdjup frå 1000 til 2500 meter.

Cookøyane i Stillehavet har opna for kommersiell leiteaktivitet innanfor sine område. I februar 2022 tildelte øygruppa tre leiteløyve for nodular på eigen sokkel. Løyva er berre for leiting og gjeld for fem år. Det er ikkje opna for kommersiell utvinning av nodular frå havbotnen.

USA kartlegg miljøverdiar og havbotnmineral langs Atlanterhavskysten, Stillehavskysten og Alaska. Utanfor austkysten ligg Blake Plateau, som har nodul- og skorperessursar, og der ein på 1970-talet testa utstyr for utvinning. I eit område utanfor California kalla *Escanaba Through* finst hydrotermale kjelder, mens djuphavsslettene ved Hawaii har potensial for nodular. Langs Aleutane vest for Alaska kan det finnast hydrotermale kjelder. Kartlegginga blir gjennomført i regi av *Bureau of Ocean Energy Management* (BOEM), *United States Geological Survey* (USGS) og *National Oceanic and Atmospheric Administration* (NOAA).

Fleire statar har oppretta nasjonale forbod mot havbotnmineralverksemd, mellom anna Palau og Fiji. I New Zealand kom høgsteretten i landet til at utvinning av mineral frå havbotnen var i strid med nasjonal lovgiving, ettersom det ikkje kunne godtgjerast at vilkåra for utvinning var tilstrekkelege til å verne miljøet. I tillegg er havbotnmineralverksemd forbode i delstatane Nordterritoriet i Australia, og i Washington og California i USA.

## 2.4 Norske havbotnmineralressursar

Oljedirektoratet har sidan 2011 gjennomført datainnsamling i djupvassområde i Norskehavet og Grønlandshavet i samarbeid med Universitetet i Bergen, frå 2020 også i samarbeid med Universitetet i Tromsø. Det er samla inn geologiske og geofysiske data som til dømes detaljerte djupedata.

Som eit ledd i den pågåande opningsprosessen har Oljedirektoratet fått i oppdrag å kartleggje dei kommersielt mest interessante mineralførekomstane på norsk kontinentalsokkel og utarbeide ei vurdering av ressurspotensialet på basis av kartlegginga.

<sup>8</sup> Japan to begin extracting rare earth metals from seabed in 2024 – Nikkei Asia.

Det finst i dag ingen spesifikk, akseptert og utbreidd modell for ressursvurdering av havbotnmineral. Oljedirektoratets ressursvurdering er den første offentlege vurderinga for norsk kontinentalsokkel (utgreiingsområdet). Data frå Oljedirektoratets kartleggingstøkt og samarbeid med vitenskaplege institusjonar, supplert med andre data og vitenskapleg arbeid, er grunnlag for ressursvurderinga. Ressursvurderinga inngår som del av avgjerdsgrunnlaget for opning av område for

mineralverksemd og ligg som vedlegg 2 til stortingsmeldinga.

Oljedirektoratets ressursvurdering gir anslag om kva ressursar som finst. Dette er tilstadeverande ressursar som er påviste, eller som ein antar finst. Ein del av desse tilstadeverande ressursane vil kunne vere utvinnbare. Mengda utvinnbare ressursar kjem an på teknologi og økonomi. Det er så langt for lite kunnskap om utvinningsteknologi og utbyggingsløyser til at det

### Boks 2.4 Førekomstane på norsk sokkel

Mineralførekomstar på havbotnen blir delte inn i tre typar: sulfid, manganskorper og mangannodular. Alle dei tre typane inneheld fleire metall (polymetalliske), og dei ligg på store djup, hovudsakleg mellom 1500 og 6000 meter.

Frå mangeårig norsk forskingsaktivitet og Oljedirektoratets kartlegging veit vi at dei djupare delane av norsk kontinentalsokkel inneheld førekomstar av sulfid og manganskorper. Mangannodular på havbotnen i desse områda er ikkje påviste. Oljedirektoratet har i si ressursvurdering gått ut frå at føresetnadene ikkje er til stades for å danne mangannodular som følgje av høg sedimentasjonsrate. Mangannodular er derfor ikkje inkluderte i ressursvurderinga.

*Sulfidførekomstar* blir bygde opp av grunnstoff oppløyste i vatn som strøymer ut frå varme kjelder frå jordas indre langs spreingsryggene. Når den oppvarma væska møter ein fysisk eller kjemisk barriere, som kaldt havvatn, blir grunnstoffa felte ut som sulfidmineral og avsette på havbotnen. Det kan byggje seg opp skorsteinsliknande strukturar som med ujamne mellomrom kollapsar og dannar kjegleliknande eller haugliknande avsetningar av mineral. Ein førekomst kan bestå av ein eller fleire slike strukturar som kvar for seg kan vere hydrotermalt aktive eller inaktive. Strukturane kan vere aktive i mellom eit tital tusen til nokre hundre tusen år før dei blir inaktive. Etter kvart som havbotnspreiinga skrir fram, får sulfidførekomstane gradvis større avstand til dei vulkanske aktive områda, aktiviteten frå varme kjelder døyr ut, og sulfidførekomstane blir heilt eller delvis dekte av sediment. Sulfidmineraliseringa på norsk kontinentalsokkel er dominert av kopar og sink og kan innehalde interessante mengder gull, sølv og kobolt.

Sulfidførekomstane er påviste langs Den midtatlantiske spreingsryggen der Knipovitsryggen, Mohnsryggen og den nordlege delen av Kolbeinseyryggen utgjer den norske delen. Dei er danna av dagens og tidlegare tiders vulkanske aktivitet knytt til havbotnspreiinga. Førekomstar som er tilgjengelege for utvinning, kan finnast innanfor eit belte langs spreingsryggen, på flankane og på djuphavsslettene.

Sulfidmalm kan i prinsippet utvinnast frå førekomstar med både aktive og inaktive strukturar. Område der førekomstane består av strukturar som i geologisk perspektiv nyleg er blitt inaktive, er dei områda som verkar mest interessante for sulfidutvinning. Oppbygginga av ressursen (malmen) er avslutta, men den naturlege overdekkinga av sedimenterende materiale har ikkje gravlagt minerala så djupt at dei ikkje kan påvisast med dagens leiteteknologi. Der kan ein også unngå utfordrande operasjonelle forhold som høg temperatur i sjøvatnet.

*Manganrike skorper* blir danna ved at oppløyste metallsambindingar som finst naturleg i sjøvatn, byggjer opp ei skorpe direkte på undersjøiske fjellformasjonar under gitte vilkår. Dette er ein langsam, naturleg prosess, og det tek om lag ein million år å danne eit centimetertjukt lag (skorper). Skorpene inneheld ulike metall som kan vinnast ut. På norsk sokkel er det i skorpeførekomstar påvist mangan, kobolt, jern, titan og vanadium, i tillegg til sjeldne jordartar som scandium, neodym, terbium og dysprosium.

Førekomstane av manganskorpe i norske djuphavsområde er påviste på undervassrygger og sjøfjell på havbotnen som ikkje er dekte av sediment. Desse ryggene og sjøfjella er danna av vulkanisme knytt til havbotnspreiinga. Førekomstar av manganskorper kan dermed finnast der det er bert fjell på havbotnen.

er funne formålstenleg å vurdere malmar og estimere utvinningsgrad. Kartlegging av og oppbygging av kunnskap om ressurspotensialet for havbotnmineral på norsk sokkel er viktig for å sikre statens rolle som ressursforvaltar og -eigar og for å sikre nasjonale interesser.

#### 2.4.1 Oljedirektoratets ressursestimat for ulike metall

Oljedirektoratets ressursvurdering gir eit utfallsrom for kor store mengder det kan finnast av dei ulike metall. Dei samla forventa tilstadeverande ressursane for begge typane ressursar (sulfid og skorper) i utgreiingsområdet er store sett i forhold til dagens årlege globale utvinning av dei respektive metall, jf. figur 2.8.

Av metall på denne oversikta som inngår i Oljedirektoratets ressursvurdering på norsk kontinentalsokkel, er mellom anna mangan, kopar, kobolt og sjeldne jordartar å finne på Europakommisjonens oversikt over kritiske råvarer framover.

Ressursvurderinga gir ei første samla vurdering av potensialet for havbotnmineral i utgrei-


ingsområdet. Datagrunnlaget kan styrkjast vidare, og metodikk for ressursmodellering kan vidareutviklast. Teknologit utvikling, saman med meir og betre data, vil forbetre forståinga av ressurspotensialet. Dette vil gjere det mogleg å flytte ressursar til meir modne ressursklassar.

#### 2.4.2 Sulfidførekomstar

For sulfidførekomstar tek Oljedirektoratets ressursvurdering utgangspunkt i den nordlege Mohnsryggen. Havbotnspreiinga i området Mohnsryggen går sakte: noko under 1 cm i året til kvar side av spreingsaksen<sup>9</sup>.


Knipovitsryggen er ein yngre spreingsrygg enn Mohnsryggen – denne ryggen begynte å utvikle seg for ca. 20 millionar år sidan, og sidan

<sup>9</sup> Spreingsakse: Dette er området langs midten av akседalen, altså ideelt sett aksen for spreinga av litosfæreplatene. Akседalen er eit kontinuerleg dalføre langs midten av ein oseansk spreingsrygg. Akседalen oppstår som ei innsøkking (eit søkk) langs grensa mellom dei to litosfæreplatene i spreingsryggen der det kontinuerleg blir danna ny jordskorpe etter kvart som litosfæreplatene glir frå kvarandre.



Figur 2.8 Forventa tilstadeverande ressursar på norsk kontinentalsokkel sett opp mot tal på årleg global utvinning (USGS-tal for 2020)

Kjelde: United States Geological Survey og Minor Metals Trade Association.



Figur 2.9 Påviste sulfid- og manganskorpeførekomstar

Kart over Norskehavet og Grønlandshavet med påviste hydrotermale sulfidførekomstar. Kartet viser også påviste lokaliteter for manganskorpe frå samarbeidstokt gjennomført av Universitetet i Bergen og Oljedirektoratet.

Kjelde: Universitetet i Bergen og Oljedirektoratet.



Figur 2.10 Sulfidprøve frå Mohnsskatten henta opp frå 3000 meters havdjup med bruk av ROV i 2020. Blåfargen syner koparmineral som fell ut.

Foto: Oljedirektoratet




Figur 2.11 Manganskorpe frå Jan Mayen-området henta opp frå 1000 meters havdjup med bruk av ROV i 2011.

Foto: Oljedirektoratet

har det blitt danna havbotnskorpe der som kan innehalde interessante sulfidressursar. Dette er eit kortare tidsspenn enn for danninga av sulfidområda langs Mohnsryggen, og spreingsfarten på Knipovitsjryggen er lågare, slik at beltet med

aktuelle sulfidområde langs Knipovitsjryggen vil vere smalare enn langs Mohnsryggen.

Innanfor dagens spreingsgrøft langs Mohnsryggen og Knipovitsjryggen er det påvist fleire sulfidførekomsstar, sjå figur 2.9.



Figur 2.12 Hovudelement i sentrale delar av den nordlege Mohnsryggen

Figuren viser den sentrale aksedalen (også kalla spreingsgrøfta) sett frå sør, der havbotnspreinga mellom Noreg og Grønland skjer. Dei aktive geologiske prosessane (tektonikk og vulkanisme) som skjer i og langs aksedalen, resulterer i at dei to jordskorpeplatene flyttar seg utover til kvar side med 0,8 cm per år. Flankeskrentane i aksedalen blir danna av store flankeforkastingar, der forkastingane på nordvest-flanken er dei dominerande (største). Aksialførekomstane ligg i vulkankompleksa inne i spreingsgrøfta. Flankeførekomstane ligg i og langs flankeforkastingane.

Kjelde: Oljedirektoratet

Tabell 2.1 Forventingsverdiar for tilstadeverande moglege metallressursar frå sulfid

Metall	Mengde (i tonn)
Kopar	38 100 000
Sink	45 000 000
Gull	2 317
Sølv	85 200
Kobolt	1 000 000

Kjelde: Oljedirektoratet

Sulfidførekommstane kan delast i to typar, alt etter kva tektonisk posisjon dei har i aksedalen<sup>10</sup> i spreingsryggene: *flankeførekommstar* og *aksialførekommstar*.

- Aksialførekommstane ligg i vulkankompleksa inne i spreingsgrøfta, oftast på skrå over grøfta (dette omfattar Lokeslottet og Ægirs kjelde).
- Flankeførekommstane ligg i og langs hovudforkastingane langs flanken av spreingsgrøfta (dette omfattar Gnitahei, Fåvne og Mohnsskatten). Denne er igjen delt i to underkategoriar: kobolt-type (Fåvne) og kopar-sink-type (Gnitahei og Mohnsskatten).

Ressursvurderinga spenner opp eit utfallsrom for kor store vi kan forvente at ressursane i utgreiingsområdet er. Det er usikkert kor stor del av desse som eventuelt vil vere kommersielt utvinnbare. Tabell 2.1 gir ei oversikt over forventingsverdiane for tilstadeverande moglege metallressursar frå sulfid i utgreiingsområdet.

### 2.4.3 Manganskorpeførekommstar

Manganskorpe finst på bert fjell på havbotnen. Slikt bert fjell finn vi i bratt terreng på undersjøiske ryggar og fjellformasjonar i mesteparten av djuphavsområda på norsk sokkel, etter at det gjennom tid har blitt danna mellom anna ved prosessane i aksedalen. Dei undersjøiske fjellforma-

<sup>10</sup> Dette blir også kalla spreingsgrøfta. Det er eit markert dalføre som deler fjellområda. Her skjer det ei episodisk nydanning av vulkansk havbotn, etterfølgd av ei kontinuerleg omforming av habitat frå vulkansk hardbotn til sedimentær blautbotn.


Tabell 2.2 Gjennomsnittsgeltar og forventingsverdiar for mengda metall i antatt tilgjengelege manganskorper

Metall	Gjennomsnittsgeltar Eining	Mengde (i tonn)
Mangan	12,77 %	185 302 000
Titan	0,58 %	8 369 000
Magnesium	1,66 %	24 100 000
Litium	158 ppm	229 300
Vanadium	1322 ppm	1 918 800
Kobolt	2108 ppm	3 058 100
Niob	50 ppm	73 000
Hafnium	10 ppm	14 700
Wolfram	55 ppm	80 300
Gallium	13 ppm	19 200
Scandium	38 ppm	55 800
Yttrium	207 ppm	300 900
Lantan	254 ppm	368 800
Cerium	1159 ppm	1 681 200
Praseodym	71 ppm	102 500
Neodym	290 ppm	420 300
Europium	16 ppm	23 200
Gadolinium	69 ppm	99 900
Terbium	10 ppm	15 200
Dysprosium	60 ppm	86 400

Kjelde: Oljedirektoratet

sjonane finst ut til 200–300 kilometer på begge flankane av Den midtatlantiske spreingsryggen. I tillegg til desse har vi dei prominente ryggstrukturane Vøringutstikkaren og Jan Mayen-ryggen i dei sørlege delane av utgreiingsområdet.

Tabell 2.2 gir ei oversikt over gjennomsnittsgeltar og forventingsverdiar for mengda metall i antatt tilgjengelege manganskorper i utgreiingsområdet. Som for sulfidførekommstane gir ikkje ressursvurderinga noko grunnlag for å vurdere om dette er utvinnbare ressursar eller ikkje.



Figur 2.13 Snitt gjennom jordskorpa i den nordlege Mohnsryggen

Figuren viser korleis geologiske prosessar i og under aksedalen gir dei store flankeforkastingane. I tillegg til å danne grunnlag for sulfidførekomstane (sjå figur 2.12), dannar denne forkastingsaktiviteten også det omkringliggjande fjellandskapet med store sjøfjell som er underlaget for manganskorpeavsetningane. Manganskorpe blir felte ut direkte frå havvatnet på bert fjell på undersjøiske rygger og fjellformasjonar i djuphavet.

Kjelde: Oljedirektoratet

### 3 Langsiktig og berekraftig ressursforvaltning

Utvinning av mineral og metall frå havbotnen kan i framtida bli ei ny og viktig næring for Noreg og samtidig bidra til å sikre den globale tilgangen på viktige metall. Gjennom opning av område kan også kommersielle aktørar bidra til å få avklart om det finst norske havbotnmineralressursar som er kommersielt attraktive å vinne ut og om utvinning kan gå føre seg på forsvarleg og berekraftig vis.

Undersøking og utvinning av havbotnmineral er i Noreg regulert gjennom havbotnminerallova. Havbotnminerallova er utforma innanfor rammene av den moderne havretten og basert på erfaringar frå den norske verksemda på kontinentalsokkelen elles. Lova legg til rette for undersøking etter og utvinning av mineralførekomstar på norsk kontinentalsokkel i samsvar med samfunnsmessige målsetjingar, slik at ein varetek omsynet til verdiskaping, miljø, tryggleik ved slik verksemd, anna næringsverksemd og andre interesser. Lova slår fast at staten har eigedomsretten til mineralførekomstar på kontinentalsokkelen og eksklusiv rett til ressursforvaltning. Før eit område er opna for mineralverksemd, er det berre staten som kan drive slik verksemd.

Det er dermed først etter at det er gjennomført ein styresmaktstyrt opningsprosess med tilhøyrande konsekvensutgreiing, at det kan tildelast løyve etter lova. Prosessen for å opne for mineralverksemd på havbotnen er eit første steg i ei langsiktig og forsvarleg ressursforvaltning. Formålet med opningsprosessen er å få fram eit oppdatert og samanstilt kunnskapsgrunnlag, slik at ei avgjerd om å opne område for ny næringsaktivitet på sokkelen kan takast på eit så godt fakta- og kunnskapsgrunnlag som mogleg. Sidan dagens kunnskapsgrunnlag har viktige manglar knytte til både livet på havbotnen, havstraumar og korleis ei framtidig utvinning vil skje, vil prosessen etter opning bli lagd opp som ei stegvis utvikling tilpassa kunnskapsgrunnlaget. Kunnskapsgrunnlaget, inklusive miljøkunnskapen, skal styrkjast gjennom både kommersiell aktivitet og statleg finansiert innsats fram mot eventuell utvinning.

Hovudmålet for forvaltninga av havbotnmineral er å leggje til rette for lønnsam utvinning av mineralførekomstar på norsk kontinentalsokkel

innanfor berekraftige rammer. Noreg har lang tradisjon for ei heilskapleg, kunnskapsbasert og langsiktig forvaltning av naturressursane der ein ser ulike aktivitetar i samanheng innanfor rammer som tek vare på miljøet. Naturressursane blir forvalta etter etablert sektorlovgiving og gjennomført på ein måte som inneber at ein tek inn over seg oppdatert kunnskap til kvar tid. Ei heilskapleg forvaltning skal sikrast gjennom omfattande og systematiske prosessar der kunnskap om miljø og næringsverksemd blir lagd til grunn for dei avvegningane som blir gjorde. Forvaltningsmodellen er bygd opp slik at alle avgjerder, samtykke og løyve til aktivitet skal baserast på den best moglege kunnskapen som til kvar tid finst. For å dekke dei kunnskapsmanglane som ligg føre, vil regjeringa setje i gang ein prosess for innhenting av miljøkunnskap om områda som blir opna for havbotnmineral.

Oljedirektoratet er departementets fagetat for havbotnmineral og har dei seinare åra bygd opp kompetanse om havbotnmineral på norsk sokkel og forvaltninga av desse. Oljedirektoratet har over fleire år, saman med academia, samla inn data om ressurspotensialet for havbotnmineral på sokkelen og gjort slike data tilgjengelege for interesserte industriaktørar. I Noreg er det lang tradisjon for å dele relevante data med industriaktørane. Dermed kan fleire få nytte av store mengder data og såleis bidra til både betre og meir effektiv utnytting av desse. For å finne ut om havbotnmineralverksemd kan drivast på berekraftig vis og sikre ei forsvarleg forvaltning, er det avgjerande at miljø- og ressursfaglege etatar også på dette området jobbar tett saman for å gjennomføre den politikken som blir vedteken av Stortinget og regjeringa.

#### 3.1 Sektorregelverk og anna relevant regelverk

Stortinget vedtok lov 22. mars 2019 nr. 7 om mineralvirksomhet på kontinentalsokkelen (havbotnminerallova) basert på Prop. 106 L (2017–2018), jf. Innst. 150 L (2018–2019) og lovvedtak 39 (2018–

2019). Energi- og miljøkomiteen viste i innstillinga si til at lova var eit viktig steg for å kunne leggje til rette for verdiskaping innanfor ei ny næring til havs. Komiteen viste også til at havnæringane er ei betydeleg kjelde til inntektene til staten og verdiskapinga og eit område som alltid har vore viktig for Noreg, og at allereie eksisterande kompetanse vil kunne vere ein berebjelke for å skape berekraftige løysingar innanfor ei ny havnæring. Vidare skreiv komiteen i innstillinga at det er viktig at lova om mineralverksemd på kontinentalsokkelen bidreg til klare og føreseielege rammer for ny næringsutvikling, og at lova skal leggje til rette for kommersiell undersøking etter og utvinning av mineralforekomstar på norsk kontinentalsokkel. Komiteen viste vidare til at mineralutvinning må skje innanfor forsvarlege og berekraftige rammer, og at sameksistensen med andre verksemder skal varetakast.

Havbotnminerallova tredde i kraft 1. juli 2019. Formålsregelen i lova er å «[...] legge til rette for undersøking og utvinning av mineralforekomster på kontinentalsokkelen i samsvar med samfunnsmessige målsettinger, slik at hensynet til verdiskaping, miljø, sikkerhet ved virksomheten, øvrig næringsvirksomhet og andre interesser blir ivare tatt». Det følgjer av formålsregelen at lova skal fremje forsvarleg forvaltning og uttak av mineralressursane på kontinentalsokkelen gjennom verdiskaping innanfor forsvarlege miljø- og tryggingmessige rammer.

Havbotnminerallova inneheld mellom anna føresegner om opning av område for undersøking og utvinning av mineral på havbotnen. Før eit område blir opna, skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing som skal bidra til å belyse dei ulike interessene som gjer seg gjeldande på det aktuelle området, slik at dette kan liggje til grunn når det skal takast stilling til om, og eventuelt på kva vilkår, området kan opnast for mineralverksemd. Konsekvensutgreiinga skal belyse kva verknader ei eventuell opning kan få for miljøet, og antatte næringsrelaterte, økonomiske og sosiale verknader. På basis av den faglege utgreiinga og ei avveging mellom ulike omsyn avgjer styresmaktene om aktuelle område bør opnast for mineralverksemd, og eventuelle vilkår for opninga.

Mineralverksemd etter havbotnminerallova skal gå føre seg på ein forsvarleg måte og vareta omsynet til tryggleik for personell, miljø og dei økonomiske verdiane som innretningar og fartøy representerer, jf. havbotnminerallova § 1-7. Føresegna set krav til forsvarleg mineralverksemd, inkludert å gjere alle rimelege tiltak for å unngå skade på naturmangfaldet i havet eller kultur-

minne på havbotnen og for å unngå forureining og forsøpling.

Etter ei avgjerd om opning, har styresmaktene i hovudsak fire avgjerdspunkt for mineralverksemda, det første er ved utlysing av område, det andre ved ev. tildeling av løyve til verksemd, det tredje er ved behandling av plan for utvinning og det fjerde er ved behandling av plan for avslutning. Ved alle desse avgjerdspunkta gjer styresmaktene vedtak som er naudsynte for at rettshavarane kan halde fram verksemda.

Styresmaktene gjer ei vurdering av kva vilkår som ev. skal gjelde innanfor området som løyvet dekkjer, for å sikre at verksemda kan gjennomførast på forsvarleg og berekraftig vis.

Etter at område er opna, kan det tildelast undersøkingsløyve og utvinningsløyve til kommersielle aktørar. Løyveregimet er basert på dei same hovudtrekka som i petroleumslova. Rettshavaren til eit undersøkingsløyve kan samle inn data og kan selje desse til selskap som vil søkje om utvinningsløyve. Eit undersøkingsløyve er ikkje-eksklusivt og vil vere avgrensa geografisk og i tid. Den aktiviteten som kan skje i medhald av eit undersøkingsløyve, er venta å ha små miljøkonsekvensar, og lova krev derfor ikkje eiga konsekvensutgreiing for slik aktivitet. Departementet kan likevel gi forskrift om eller fastsetje i det enkelte løyvet kva vilkår som blir knytte til løyvet, som krav til teknologi, påkravde tryggingstiltak og krav om å melde inn aktivitetar.

Eit utvinningsløyve er eksklusivt og vil også vere avgrensa geografisk og i tid. Utvinningsløyvet gir såleis einerett til undersøking og til å søkje om godkjenning av plan for utvinning innanfor området som er omfatta av løyvet. Eit utvinningsløyve blir gitt for ein initial periode på inntil ti år med ei tilhøyrande arbeidsforplikting, som inkluderer leiteaktivitet og etterfølgjande avgjerdspunkt for vidareføring eller tilbakelevering. Eine retten som utvinningsløyve gir, legg til rette for langsiktige investeringar i leiteaktivitet og ev. utvinning av havbotnmineral.

Det følgjer av havbotnminerallova § 4-1 at det før tildeling av eit utvinningsløyve som hovudregel skal skje ei utlysing av det området det kan søkjast om løyve for. Det kjem fram av forarbeida at formålet med ei slik offentleg utlysing særleg er å sikre at det blir konkurranse om utvinningsløyve slik at tildelinga skjer «til det selskapet som samlet sett anses best egnet».

Som del av arbeidet med utlysinga vil departementet vurdere om det bør stillast vilkår/krav til korleis rettshavarane skal handtere naturverdiar knytte til sjølve havbotnen. Formålet er å ta

omsyn til areal med sårbar natur og skåne viktige miljøverdiar. Grunnlaget for vurderingane blir utarbeidd av fagetatane, slik at dei er baserte på all tilgjengeleg, oppdatert kunnskap.

Etter utlysinga skal alle dei innkomne søknadene evaluerast. Utvinningsløyva skal tildelast på grunnlag av saklege og objektive kriterium når ein tek omsyn til dei aktuelle mineralførekomstane. Kva kriterium tildelinga av utvinningsløyve skal skje på grunnlag av, og kva fristar og vilkår som gjeld, skal gå fram av utlysinga. Havbotnminerallova § 4-2 set krav til kva som skal inngå i søknaden om utvinningsløyve. Det inkluderer kva mineralførekomstar som er identifiserte i området, og kva mineralførekomstar det er planar om å vinne ut. Søknaden skal seie noko om ressurspotensialet dersom det er kjent, og kva område søkjaren ønskjer at løyvet skal omfatte. Vidare skal søknaden seie noko om den finansielle evna, den teknologiske kompetansen og den tekniske gjennomføringsevna til søkjaren og kva utvinningsløyving søkjaren foreslår.

Føresegnene i havbotnminerallova om utvinningsløyve og tilbakelevering av delar av området for eit løyve inneber mellom anna at dersom arbeidsforpliktinga er oppfylt og har leidd til innlevering av ein plan for utvinning, kan rettshavaren krevje å få utvinningsløyvet forlengd med inntil 20 år. Kor stor del av området for løyvet ein kan krevje slik forlenging for, og kor stor del som må leverast tilbake, skal departementet fastsetje ved tildelinga av løyvet. Områda det blir vunne ut frå, vil vere avgrensa samanlikna med områda for det opphavlege løyvet.

Utvinningsløyve gir ikke ein vilkårslaus rett til utvinning sjølv om det skulle bli gjort drivverdige funn. Før ein kan setje i gang med utvinning, må departementet ha godkjent ein utvinningsplan som rettshavarane har utarbeidd, inkludert ei tilhøyrande prosjektspesifikk konsekvensutgreiing som må ut på høyring. Departementet legg til grunn at utvinningsplanen og den tilhøyrande konsekvensutgreiinga må syne at verksemda kan skje på forsvarleg og berekraftig vis, for at planen skal kunne godkjennast.

Utvinningsplanen skal gjelde eit definert foreslått prosjektområde og ei bestemd utvinningsløyving. Havbotnminerallova slår fast at beskrivinga av utvinninga mellom anna skal gjere greie for dei aktuelle tekniske løysingane og økonomiske, ressursrelaterte, tekniske og tryggingrelaterte forhold knytte til utbygginga og drifta. Konsekvensutgreiinga skal i tillegg omfatte mellom anna nærings- og miljørelaterte forhold, som førebyggjande og avbøtande tiltak.

Havbotnmineralverksemd er ei ny og umoden verksemd, og det er i dag avgrensa kunnskap om potensielle miljøverknader av ei slik verksemd. Konsekvensutgreiingsprosessen – som består av ein programfase og ein utgreiingsfase – blir viktig for å belyse alle relevante miljørelaterte forhold. Gjennom denne prosessen blir det mellom anna avklart kva for konkrete undersøkingar, utgreiingar og vurderingar utbyggjaren må gjere av miljørelaterte forhold for å gi departementet eit godt avgjerdsgrunnlag.

Styresmaktene vil samanfatte kunnskap og vurdere behovet for miljømessige vilkår for det aktuelle området før sluttbehandling av ev. søknader om godkjenning av utvinningsplanar frå rettshavarane. I departementets vurdering av om ein utvinningsplan skal godkjennast etter havbotnminerallova, vil fordelane og ulempene ved prosjektet bli vegne opp mot kvarandre. Bevaring av naturmangfaldet vil inngå i konsekvensutgreiinga og i departementets skjønnsutøving etter havbotnminerallova. Det inneber at miljøkonsekvensane ved utbygginga blir vurderte i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Føresegna i naturmangfaldlova § 7 og prinsippa i same lov §§ 8-10 vil bli lagde til grunn som retningslinjer for saksbehandlninga.


Departementet skal i eit eige dokument gjere greie for og grunngi vedtaket om å godkjenne eller ikkje godkjenne ein utvinningsplan. I grunngevinga skal det mellom anna komme fram kva miljøvilkår som eventuelt er knytte til godkjenninga, og kva tiltak som eventuelt skal avbøte vesentlege negative miljøverknader.

Relevante rammer som er sette for havbotnmineralverksemda, vil også bli tekne inn i dei heilskaplege forvaltningsplanane for havområda.

Dei ulike avgjerdspunkta for leiting etter og utvinning av havbotnmineral etter havbotnminerallova går fram av figur 3.1.

Som det går fram, er havbotnminerallova ei omfattande og heilskapleg lov for havbotnmineralverksemd. Regelverket kan detaljerast vidare ved å bruke forskriftsheimlane i havbotnminerallova. Det er også mogleg å knyte vilkår til konkrete løyve etter havbotnminerallova.

Mineralverksemd kan også vere avhengig av løyve etter andre regelverk enn havbotnminerallova. Til dømes gjeld forureiningslova verksemd på kontinentalsokkelen. Etter lova er det forbode å forureine med mindre det er tillate i lov, forskrift eller særskilt løyve. Mineralverksemd kan såleis krevje løyve etter forureiningslova. Slike løyve er det Miljødirektoratet som behandlar. Det er mogleg å stille konkrete vilkår for løyve. Ved vurdering av om ein skal gi løyve, og på kva vilkår, skal



Figur 3.1 Prosess frå opning til ev. utvinning

Kjelde: Olje- og energidepartementet

det leggjast vekt på forureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanstilt med fordelar og ulemper ved tiltaket elles. Det er også mogleg å stille vilkår knytte til sjømattryggleik.

Frå 1. april 2022 vart ansvaret for tryggleik og beredskap for havbotnmineralverksemd lagt til Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Det konstitusjonelle ansvaret vart med verknad frå 11. mai 2023 overført frå arbeids- og inkluderingsministeren til olje- og energiministeren, og det er lagt opp til at ansvaret på dette området skal overførast til Olje- og energidepartementet med verknad seinast frå 1. juli 2023. Petroleumstilsynet er delegert styresmakt for tryggleik og beredskap for havbotnmineralverksemd.

Mykje av kunnskapen frå petroleumsværksemda vil venteleg kunne overførast til planlegging og gjennomføring også av mineralutvinning. Teknologiutvikling og eit robust HMS-regelverk tilpassa værksemda som faktisk skal skje, er sentrale føresetnader for også å kunne drive forsvarleg værksemd knytt til havbotnmineral. Styresmaktene vil utvikle eit funksjonelt og værksendstilpassa HMS-regelverk som stiller tydelege krav til tryggleik og styring av værksemda. Eventuelle industristandardar som blir utvikla av næringa, kan bidra til å utfylle regelverket.

#### Regjeringa vil

- forvalte havbotnmineralressursane innanfor forsvarlege og berekraftige rammer basert på

føre-var-prinsippet og ei økosystem-basert tilnærming

- sikre at omsynet til miljø blir vareteke i alle fasane av mineralværksemda. Utvinning vil berre bli godkjend dersom rettshavarens utvinningsplan godtgjer at den planlagde utvinninga kan skje på berekraftig og forsvarleg vis, slik at omsynet til miljø, tryggleik og ev. anna værksemd til havs i det aktuelle området er godt tekne hand om, og slik at sameksistensen med andre værksender blir vareteken
- ta relevante rammer som blir sette for havbotnmineralværksemda inn i dei heilskaplege forvaltningsplanane for havområda

### 3.2 Norsk regelverk i lys av folkeretten

Etter havrettskonvensjonen omfattar kontinentalsokkelen til kyststaten havbotnen og undergrunnen i dei undersjøiske områda som strekkjer seg ut over sjøterritoriet gjennom heile den naturlege forlenginga av landterritoriet til ytterkanten av kontinentalmarginen, men ikkje kortare enn 200 nautiske mil frå grunnlinjene.

Der to statar har overlappande kontinentalsokkel, må det trekkjast ei avgrensingslinje. Noregs kontinentalsokkel er definert i tråd med havretten i lov 18. juni 2021 nr. 89 om Noregs kontinentalsokkel § 1.

### Boks 3.1 Anna internasjonalt regelverk

Oslo-Paris-konvensjonen (OSPAR) er ein konvensjon for bevaring av det marine miljøet i Nordaust-Atlanteren. OSPAR-konvensjonen tredde i kraft 25. mars 1998. Partane i OSPAR er Belgia, Danmark, Finland, Frankrike, Irland, Island, Luxembourg, Nederland, Noreg, Portugal, Spania, Sveits, Sverige, Storbritannia og Tyskland, i tillegg til EU. Konvensjonspartane pliktar å ta alle moglege steg for å hindre forureining og gjere nødvendige tiltak for å verne og beskytte havområdet mot verknadene av menneskelege aktivitetar. Partane er forplikta til å følgje føre-var-prinsippet når dei følgjer opp forpliktingane under konvensjonen. OSPAR er ein rammekonvensjon som omfattar alle menneskelege aktivitetar med unntak av fiskeri og skipsfart.

OSPAR-kommisjonen er det øvste organet til konvensjonen og har myndigheit til å vedta bindande avgjerder og ikkje-bindande tilrådingar til konvensjonspartane. OSPAR kan regulere miljøforhold i OSPAR-området, og nokre av desse reguleringane kan få innverknad på havbotnmineralverksemd.

Naturavtala under biodiversitetskonvensjonen vart vedteken i desember 2022. Avtala inneheld mellom anna eit globalt mål om at minst 30 % av land og hav på jorda skal bevarast innan 2030, og eit anna globalt mål om at all natur skal forvaltast på berekraftig vis. Korleis ein vil følgje opp dei globale måla i naturavtala frå norsk side vil bli fastlagt i ei eiga melding til Stortinget.

For forvaltning av mineralressursane i område utanfor nasjonal jurisdiksjon er det under konvensjonen etablert eit organ, Havbotnstyresmakta. Styresmakta skal gi reglar om undersøking og utvinning av ressursane på havbotnen og undergrunnen utanfor nasjonal jurisdiksjon («Området»), jf. kapittel 2.3.1. Statane i Havbotnstyresmakta forhandlar for tida om eit slikt regelverk for utvinning.

Etableringa av Havbotnstyresmakta rokkar ikkje ved dei rettane kyststatane har ifølgje havrettskonvensjonen. Kyststaten har suverene rettar til å utforske og utnytte levande og ikkje-levande ressursar på sokkelen.

Havrettskonvensjonen har i artikkel 208 eigne reglar for forureining frå havbotnverksemd underlagd nasjonal jurisdiksjon. Føresegna krev at statane skal vedta regelverk og gjere andre tiltak for å hindre, avgrense og kontrollere havforureining frå nasjonal havbotnverksemd som ikkje er mindre effektive enn internasjonale reglar. For utvinning av havbotnmineral på norsk sokkel inneber det at tiltak for å beskytte miljøet etter det norske systemet må vere minst like effektive som Noregs forpliktingar etter havrettskonvensjonen, inkludert relevant regelverk vedteke innanfor rammene av Havbotnstyresmakta. Når statane i Havbotnstyresmakta har ferdigstilt regelverket for Området, vil det såleis ha innverknad på kva som er påkravd etter havrettskonvensjonen artikkel 208.

Den suverene retten kyststaten har til å utnytte naturressursane på sokkelen, inneber at kyststaten har einerett til å regulere verksemda som er knytt til slik utnytting. Dette inkluderer retten til å bestemme at naturressursane skal vere underlagde eigedomsretten til staten, og kva vilkår som elles skal gjelde for slik utnytting. Slike vilkår kan gjelde kven som skal ha rett til å drive havbotnmineralverksemd, kvar slik aktivitet kan skje, kva tid verksemda skal skje, og på kva vilkår ein kan drive slik verksemd. Innanfor dei folkerettslege rammene havrettskonvensjonen set, har Noreg regulert desse spørsmåla i nasjonal lovgiving gjennom havbotnminerallova.

Havbotnminerallova som er omtalt i kapittel 3.1 er utforma innanfor rammene av den moderne havretten og Noreg sine forpliktingar under havrettskonvensjonen. Regelverket er utforma i tråd med langvarig norsk forvaltningstradisjon som sikrar dei høgaste standardar også når det gjeld å ta vare på naturmiljøet. Regelverket vil bli utvikla vidare gjennom forskrifter ved behov.

Noregs forpliktingar under havrettskonvensjonen sikrast gjennom dei ulike prosessane, vurderingane og avgjerdspunkta det samla norske regelverket krev; frå opning av område, via tildeiling av løyve med arbeidsprogram, oppfølging av leiteaktiviteten til selskapa, kravet om utarbeiding av utvinningsplan som blir godkjent av styremaktene berre dersom den planlagde utvinninga kan skje berekraftig og forsvarleg, oppfølging av utvin-

ningsverksemd og fram til avslutning av utvinninga i eit område.

Utgangspunktet for det internasjonale utvinningsregelverket i Området er havrettskonvensjonens artikkel 145 og 150. Artikkelen 150 handlar om grunnlaget for mineralaktivitet i Området og seier mellom anna at ein skal sikre utvikling av ressursane og auke tilgangen på naudsynte mineral. Artikkelen 145 krev at når det gjeld slik aktivitet skal det gjerast naudsynte tiltak for å sikre effektivt vern av det marine miljøet mot skadelege verknader. Det kan leggast til grunn at regelverket som er under utarbeiding vil krevje at mineralutvinning i Området skal gjennomførast basert på føre-var-prinsippet og ei økosystem-basert tilnærming. Det vil bli stilt krav til prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar og overvaking av potensielle skadeverknader på det marine miljøet.

Regelverket under Havbotnstyresmakta skil seg frå det norske ved at det mellom anna ikkje inneheld nokon opningsprosess slik det er krav om i norsk lovverk. Alle område i det internasjonale havbotnsområdet er i prinsippet opne for verksemd.

Det internasjonale utvinningsregelverket som er under utarbeiding, legg heller ikkje opp til konsesjonsrundar for tildeling av løyve slik ein er vand med frå andre havbaserte næringer i Noreg, der styresmaktene vel ut kva for område innanfor opningsområdet som skal gjerast tilgjengelege for søknader, og på kva vilkår, basert på ei stegvis tilnærming. I det internasjonale havbotnområdet er det lagt opp til eit «open dør»-system der ein kontraktør til kvar tid sjølv kan peike ut område han ønskjer å søkje på for å drive leiting og påfølgjande utvinning når regelverket for utvinning ligg føre. Det kan likevel leggast til grunn at det etter regelverket til Havbotnstyresmakta vil bli krav om at miljøforvaltningsplanar må liggje føre for områda før utvinning kan setjast i verk. Miljøforvaltningsplanane vil mellom anna inkludere ulike områdebaserte rammes tilpassa ressurstypene i det aktuelle området. I forslaget til miljøforvaltningsplan som er til behandling i Havbotnstyresmakta, og som gjeld sulfid i eit område på den midtatlantiske ryggen, er det mellom anna teke inn forslag om forbod mot utvinning av påviste aktive hydrotermale kjelder, og det er identifisert område der utvinning ikkje skal skje, i tillegg til område der kontraktørane skal ha ei føre-var-tilnærming til aktivitet inntil det på basis av kartlegging og kunnskapsinnhenting blir avklart om det kan drivast utvinning.

I utarbeidinga av desse miljøforvaltningsplanane er Havbotnstyresmakta avhengig av data

frå leiteverksemda til kontraktørane og frå internasjonal havforskning. Styresmakta har ikkje eigne midlar til å drive målretta datainnsamling i eigen regi til ressursforvaltninga si.

Regjeringa har ambisjon om at Noreg skal vere verdslende når det gjeld ei fakta- og kunnskapsbasert forvaltning av havbotnressursane som er heilskapleg, berekraftig og forsvarleg. Dette vil bli lagt til grunn for all verksemd i heile opningsområdet. Heile reguleringa må sjåast i samanheng. I samsvar med norsk havforvaltning, relevant norsk regelverk og forvaltningstradisjon skal mineralverksemda på norsk kontinentalsokkel gjennomførast basert på føre-var-prinsippet og ei økosystembasert tilnærming. Det vil bli stilt krav til prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar og overvaking av moglege skadeverknader på det marine miljøet, slik det venteleg også vil bli gjort i regelverket til Havbotnstyresmakta.

Før andre enn staten kan drive mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel, må eit område konsekvensutgreiast og opnast. Som del av konsekvensutgreinga skal det identifiserast ev. vilkår som skal setjast for opning. Etter opninga vel styresmaktene kva for område som skal gjerast tilgjengeleg for søknader i konsesjonsrundar, og ev. på kva vilkår for å sikre miljøomsyn som til dømes sårbare artar og habitat innanfor rammene som blir sette for verksemda. Områda som er foreslått utlyste, blir sende på offentleg høyring, inkludert til miljøstyresmaktene og relevante fagmiljø. Område som ikkje er inkluderte i ein konsesjonsrunde, er ikkje tilgjengelege til å søkje på, og i desse områda gjeld altså eit forbod mot utvinningsverksemd.

På norsk kontinentalsokkel vil utvinningsløyve bli tildelt med eit arbeidsprogram der styresmaktene vil stille krav om at rettshavarane samlar kunnskap og data over tid også om miljøforhold i områda. Styresmaktene skal ha prøver og kopi av alle data som vert samla inn. På den måten vil ein heile tida samle ny kunnskap om dei områda som er opna for mineralutvinning. Denne kunnskapen vil bli nytta til vurderingar av om og ev. kva for vilkår som skal gjelde for utvinning av mineral i dette området. Dersom kunnskapen viser at naturverdiane i området må bevarast, vil det kunne bli forbod mot å utvinne mineral i dei aktuelle delane av området for utvinningsløyvet. Den nye kunnskapen vil bli lagt til grunn for neste konsesjonsrunde og val av kva for område som skal gjerast tilgjengeleg. Dersom ny kunnskap tilseier at utvinning ikkje kan skje innanfor eit område, vil dette område ikkje bli inkludert i utlysinga og det vil ikkje kunne setjast i gang utvinningsverksemd i

området. På denne måten sikrar ein at ny kunnskap som er samla inn heile tida blir lagd til grunn for nye avgjerder om kva for område som skal gjerast tilgjengelege for tildeling av utvinningsløyve og ev. utvinning. Departementet vil i samband med kvar utlysing av område basere seg på ny, oppdatert kunnskap innhenta både av statlege og av kommersielle aktørar. Departementet vil gjere ei vurdering av om det er behov for å unngå utlysing av spesifikke område ut frå omsynet til naturmiljøet. Dette kjem i tillegg til dei avgrensingane som allereie gjeld for verksemda. Regjeringa vil når kunnskapsbygginga på statleg og privat hand har komme lenger og ein har hausta erfaring med reguleringa av næringa, på nytt vurdere om det er formålstenleg og behov for å fastsetje områdespesifikke rammer for verksemda som eit verkemiddel for å beskytte miljøverdiar på regionalt nivå i området som blir opna. Ein tek sikte på at ei slik vurdering vil bli gjord før første søknad om utvinningsplan blir godkjend.

Konsekvensutgreiinga har vist at leiteverksemd har små miljøkonsekvensar. Før ein retts-havar kan starte utvinning, må søknad om godkjenning av plan for utvinning godkjennast. Ein utvinningsplan vil berre bli godkjend dersom rettshavaren kan godtgjere at utvinninga kan gjennomførast på berekraftig og forsvarleg vis. Ein sentral del av ein slik plan er å gjennomføre ein konsekvensutgreiingsprosess. Både programmet for denne og sjølve utgreiinga skal sendast på offentleg høyring. Programmet for utgreiinga skal fastsetjast av departementet. Søknaden om godkjenning av utvinningsplanen skal innehalde nødvendig informasjon for at styresmaktene kan ta stilling til om foreslått utvinning vil vere forsvarleg og berekraftig. Departementet kan stille vilkår og krav for å sikre at dette vil vere tilfellet.

For aktivitet under eit utvinningsløyve som kan medføre fare for forureining, må rettshavarane ha løyve frå miljøstyresmaktene etter forureiningslova. Her fastset ein mellom anna kva bruk av kjemikaliar som er tillaten, korleis avfall skal handsamast og kva teknologi som er tillaten.

Parallelt med ev. leiteverksemd frå private aktørar vil kunnskapsinnhentinga i statleg regi halde fram og bli styrkt. For å styrkje utsiktene for å gjennomføre ei tilfredsstillande vurdering av eventuelle søknader om godkjenning av ein utvinningsplan, er auka kunnskap om regionale og lokale havstraumar, utbreiing og konsentrasjon av biomasse, og bento-pelagiske samanhengar i dei ulike djupa i Norskehavet og Grønlandshavet særleg viktig. Privat leiteverksemd og vidare statleg innsats innanfor kunnskapsinnhenting og for-

sking og utvikling vil saman styrkje kunnskapsgrunnlaget fram mot behandling av ev. søknad om godkjenning av utvinningsplanar.

Den innsamla kunnskapen vil bidra til kunnskapsgrunnlaget også for arbeidet med dei heilskaplege forvaltningsplanane for dei norske havområda. Relevante rammer som blir sette for havbotnmineralverksemda, vil også bli tekne inn i dei heilskaplege forvaltningsplanane.

Denne tilnærminga, saman med ei stegvis utvikling av verksemda i opningsområdet vil vareta Noregs forpliktingar under havrettskonvensjonen. Den norske havbotnminerallova og systemet for havforvaltning gir grunnlag for å beskytte område ut frå natur- og miljøforvaltningsomsyn som er minst like effektive for å hindre, avgrense og kontrollere havforureining frå norsk havbotnverksemd som det havretts-traktaten krev. Havbotnmineralverksemd under havbotnminerallova vil bli gjennomført innanfor relevante internasjonale forpliktingar som Noreg har slutta seg til: under dette havrettskonvensjonen og konvensjonen for biologisk mangfald.

#### *Regjeringa vil*

- at Noreg skal vere verdsleiande når det gjeld ei fakta- og kunnskapsbasert forvaltning av havbotnmineralressursane som er heilskapleg, berekraftig og forsvarleg
- vidareutvikle det norske regelverket for å sikre at havbotnmineralverksemd under havbotnminerallova til kvar tid blir gjennomført innanfor relevante internasjonale forpliktingar som Noreg har slutta seg til: under dette havrettskonvensjonen og konvensjonen for biologisk mangfald

### **3.3 Klare og føreseielege rammevilkår**

For å leggje til rette for ny næringsverksemd vil ei hovudoppgåve for styresmaktene vere å etablere og halde ved like eit rammeverk for verksemda som gjer at det er i eigeninteresse til selskapa å utnytte ressursane på ein måte som også er til beste for samfunnet. Dette er viktig for å få til ei god forvaltning av mineralressursane. God ressursforvaltning sikrar høgast mogleg verdiskaping for samfunnet innanfor berekraftige rammer, og legg til rette for at det norske folket gjennom skattesystemet blir sikra ein del av denne verdiskapinga.

Forvaltninga av havbotnmineral vil byggje på dei same hovudprinsippa som forvaltninga av anna næringsverksemd i Noreg, med ei klar rolle-

og ansvarsfordeling mellom styresmaktene og næringa. Styresmaktene styrer gjennom rammer, som mellom anna består av lover, forskrifter og konsesjonar, som gir rettshavarane på norsk sokkel rettar og plikter. For å få til god ressursforvaltning er det viktig at selskapa, innanfor rammeverket styresmaktene set, har økonomiske insentiv til å skape størst mogleg verdiar av ressursane på ein berekraftig måte.

Departementet er oppteke av å bidra til klare, føreseielege og kunnskapsbaserte rammer for havbotnmineralverksemda. Havbotnminerallova utgjer grunnpilaren i dette. Slike rammer er avgjerande for å leggje til rette for lønnsam mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel, sidan den operative leitinga, utbygginga og drifta skal skje i regi av kommersielle aktørar. Dei viktigaste rammene for aktørane er knytte til arealpolitikken og skattlegginga av verksemda.

Utvinning av havbotnmineral er ei kapitalintensiv og langsiktig verksemd, og det er derfor viktig at rammene for verksemda er heilskaplege, klare, føreseielege og stabile over tid. For å leggje til rette for ny næringsverksemd og sikre at denne verksemda er berekraftig, er det ei hovudoppgåve for styresmaktene å etablere og halde ved like eit rammeverk som er tilpassa behovet til den næringsverksemda som blir utvikla over tid og som tek omsyn til miljøet og ny kunnskap. Departementet vil opptre føreseieleg med basis i fakta og oppdatert kunnskap overfor næringsaktørane, i tråd med beste norske tradisjon. Sidan ein i dag har lite kunnskap om miljøet på havbotnen og om moglege konsekvensar av utvinning, vil regjeringa leggje til grunn ei stegvis tilnærming i utviklinga av verksemda.

At område blir opna, er ein føresetnad for kommersiell havbotnverksemd. Vidare er det avgjerande for aktørane at dei kan byggje opp ein portefølje for aktivitet slik at verksemda kan halde fram over tid. Det betyr regelmessig tilgang til attraktivt areal. Det vil derfor regelmessig bli lyst ut avgrensa område innanfor det opna området.

I tillegg til føresegnene i havbotnminerallova om tilbakelevering av delar av området for eit utvinningsløyve vil departementet også vurdere om det eventuelt bør fastsetjast ei arealavgift som gir rettshavaren insentiv til å levere tilbake areal som han ikkje arbeider aktivt med. Det er lagt til grunn at ei slik avgift kan fastsetjast i dei årlege stortingsvedtaka om særavgift til statskassen.

Utvinningsplanar vil vere spesifikke for eit definert foreslått prosjektområde og ei utvinningsløyving. Som del av utvinningsplanen skal det gjennomførast ei prosjektspesifikk konsekvens-

utgreiing for den konkrete utvinningsaktiviteten ein søker om godkjenning for. Relevante avbøtande tiltak skal identifiserast og vurderast. Det må etablerast god kunnskap om lokale forhold, som fysiske miljøforhold og naturressursar. Ein føresetnad for godkjenning av utvinningsplanar er at rettshavaren godtgjer i utvinningsplanen at utvinninga kan gjennomførast på forsvarleg og berekraftig vis.

Ulike delar av norskbasert industri har kompetanse som er relevant for havbotnmineralverksemd og har gjennom det eit godt utgangspunkt for å vinne konkurransar om oppdrag som gjeld lønnsam utnytting av ressurspotensialet på norsk kontinentalsokkel. Havbotnmineralaktivitet på norsk sokkel vil derfor kunne leggje grunnlag for aktivitet i fastlandsøkonomien med tilhøyrande arbeidsplassar og positive ringverknader. Å utnytte ressurspotensialet vil også bidra til forskingsaktivitet og kompetansebygging og slik leggje til rette for internasjonal konkurransekraft for norskbasert industri innanfor mineralverksemd til havs.

Då Stortinget vedtok havbotnminerallova, uttrykte fleirtalet ei forventning om at det blei lagt fram eit forslag til skattereglar for selskapa i denne næringa. Fleirtalet gav vidare uttrykk for at naturressursar bør skattleggjast slik at overskotet går til fellesskapet, samtidig som det ikkje hindrar lønnsam leite- og utviklingsaktivitet og teknologiutvikling.

Regjeringa ser ikkje at det på det noverande tidspunktet er aktuelt verken å etablere eigne skattereglar for havbotnmineralverksemd eller at staten deltek direkte i slik aktivitet. Særskilde skattereglar vil bli vurdert på eit seinare tidspunkt dersom det over tid viser seg å vere grunnrente i næringa. Ved produksjon av mineral i område som ligg utanfor 200 nautiske mil frå grunnlinjene, er Noreg etter FNs havrettskonvensjon frå og med det sjette produksjonsåret forplikta til å yte eit årleg bidrag gjennom Havbotnstyresmakta. Rettshavaren kan bli pålagd å dekkje utgifter i samband med dette.

For å sikre forsvarleg verksemd er det viktig at relevante operasjonelle uvisse- og risikofaktorar er godt forståtte og handterte før ein set i gang utvinningsaktivitetar knytte til mineralverksemd på havbotnen. Eit arbeid med å identifisere og greie ut operasjonelle uvisse- og risikofaktorar ved slik verksemd må gjennomførast i samarbeid mellom relevante aktørar og styresmakter etter ei eventuell opning.

Mineralverksemda skal ikkje unødvendig eller i urimeleg grad vanskeleggjere eller hindre skips-

fart, fiske, luftfart eller anna verksemd, eller valde skade eller fare for skade på røyrlidningar, kablar eller andre undersjøiske innretningar. Når fleire aktivitetar skal skje på kontinentalsokkelen, er eit velregulert og velfungerande forhold mellom dei ulike brukarane nødvendig for å få til god ressursforvaltning og høg samla verdiskaping. Rettshavaren skal, som del av ei prosjektspesifikk konsekvensutreiing som del av ein plan for utvinning også greie ut konsekvensar for andre næringer. Dagens kunnskap tilseier at det er eit avgrensa potensial for konflikt mellom havbotnmineralverksemd og andre næringer.

#### *Regjeringa vil*

- etablere og vedlikehalde klare og føreseielege rammevilkår for havbotnmineralverksemda
- føre ein arealtildelingspolitikk som gjer at kommersielle aktørar gradvis kan byggje opp ein portefølje for aktivitet, slik at verksemda kan halde fram over tid
- leggje til rette for konkurranse om oppdrag i næringa, slik at konkurransedyktige norskbaserte aktørar kan delta i konkurransen om oppdrag knytte til leiting, utbygging og drift av havbotnmineral på norsk sokkel
- leggje til rette for god sameksistens mellom havbotnmineralverksemd og eksisterande og potensielle nye havnæringer

### **3.4 Vegen frå opning til utvinning – stegvis, effektiv utforsking**

Å opne område for mineralverksemd er ein føresetnad for at kommersielle aktørar skal kunne drive leiteaktivitet. Leiteaktivitet på norsk kontinentalsokkel blir gjennomført av selskapa. Slik leiteaktivitet er nødvendig for å avklare både kva faktiske ressursar som finst på kontinentalsokkelen, og om dei vil vere lønnsame å hente opp. Samtidig må natur- og miljøforhold kartleggjast og miljøverknader greiast ut. Gjennom opning vil staten styrkje grunnlaget for å auke kunnskapen om kva ressursar og verdiar landet faktisk sit på i det aktuelle området. Det gjev kommersielle aktørar høve til å drive utforsking- og kunnskapsinnhentingsverksemd på norsk kontinentalsokkel.

At staten opnar eit område for mineralverksemd, betyr ikkje at ei gitt næringsverksemd blir sett i gang. Det blir sett i gang mineralverksemd berre om og når aktørane i næringa har søkt om og fått tildelt eit løyve frå staten og kjem til at det er rekningssvarande å drive leiteaktivitet i det tildelte

arealet. Å opne eit område er altså eit nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg vilkår for at aktørane skal bruke ressursar på verksemd i eit område.


Den norske kontinentalsokkelen er kartlagd for petroleumsressursar gjennom stegvis utforsking. Departementet vil leggje den same tilnærminga til grunn for havbotnmineral. Det inneber at sjølv om store område blir opna for aktivitet, er planen ei stegvis tildeling av løyve.

Forventa areal i eit utvinningsløyve vil vere svært avgrensa i forhold til opningsområdet. Blir det påvist lønnsame ressursar og det blir godtgjort at utvinning kan skje på berekraftig og forsvarleg vis, vil normalt berre delar av området som utvinningsløyvet dekkjer, vere omfatta av utvinningsplanen. Anna areal skal leverast tilbake til staten. Det er derfor venta at berre ein svært avgrensa del av opna areal vil bli omfatta av ein utvinningsplan, jf. figur 3.2.

Avgrensa område som inneheld dei mest interessante leiteområda, blir først gjorde tilgjengelege for kommersiell kartlegging. Det vil typisk skje ved å tildele utvinningsløyve med eit arbeidsprogram for leitefasen. Desse områda blir identifiserte i kontakt med industrien. Slike løyve med eigna arbeidsprogram vil bidra til å byggje kunnskap om ressursar og naturverdiar også for staten som ressurseigar og -forvaltar.

Nøkkelen i ein slik strategi er å opne dei områda som ut frå dagens kunnskap, kan innehalde dei mest lønnsame ressursane. Når det gjeld havbotnmineral på norsk kontinentalsokkel, er dette store område. Ved å opne større område vil ein sikre at dei områda som aktørane forventar skal vere mest prospektive, blir opna og kan utforskast først. Dette vil særleg staten som ressurseigar vere tjent med. Særleg viktig er ei slik tilnærming så lenge kunnskapsgrunnlaget om ressursbasen er avgrensa. Samtidig sikrar ein gjennom tildelingspolitikken ei effektiv og målretta utforsking gjennom stegvis tildeling av område, der ein startar med å lyse ut utvalde, prospektive område. Alle løyva blir tildelte innanfor dei arealmessige rammene som til kvar tid gjeld for verksemda.

Departementet set etter ei eventuell avgjerd om opning i gang ein prosess for å tildele løyve innanfor det opna arealet. Som ein del av denne prosessen får moglege søkjarar høve til å komme med innspel til kva område dei ønskjer å kunne søkje på. Ein slik prosess kan bidra til å avklare interessa for å søkje om løyve og kva område som er vurderte som ressursmessig mest interessante å søkje på. Departementet får dermed meir informasjon om det potensielle søkjebiletet før områda



Figur 3.2 «Arealtrakta»

Kjelde: Olje- og energidepartementet

blir lyste ut. Utlysinga av areal i det opna området vil skje stegvis/sekvensielt, slik at det blir lyst ut mindre areal i det opna området om gongen.

Departementet vil leggje til grunn dei lovfesta krava til innhald i søknader i vurderinga av kva kriterium som er relevante for tildeling. Forarbeida til lova peikar på at det også kan leggjast vekt på andre saklege og objektive kriterium, for eksempel omsynet til nasjonal tryggleik, folkehelse og miljøvern som kriterium for tildeling av løyve.

Den tryggingpolitiske situasjonen i dag gjer at Noreg står overfor eit skjerpa trussel- og risikobilete og blir utfordra av statar med tryggingpolitiske ambisjonar som ikkje samsvarer med våre nasjonale tryggingssinteresser. Den geopolitiske konkurransen i framtida rundt energitilgang kan i aukande grad handle om å sikre tilgang til kritiske

mineral. Førekomstar av sjeldne jordartar kan til dømes vere ei drivkraft bak den tryggingstruande etterretningsverksemda til enkelte statar som er retta også mot norsk næringsliv og norske næringslivsaktørar. For å førebygge at uønskte aktørar får innsikt i, kontroll over og innverknad på verdiar som har noko å seie for nasjonal tryggleik, kjem nasjonal tryggleik til å bli vurdert ved tildelingar av løyve under havbotnminerallova.

Storleiken på området som blir tildelt, kor lenge løyvet varer, og forplikingane som følgjer med ei slik konsesjonstildeling, vil vere resultat av ei konkret vurdering av søknaden, styresmaktene sine egne vurderingar og eventuelle andre relevante forhold. Storleiken på områda kan også variere avhengig av om det er sulfidførekomstar eller

### Boks 3.2 Heilskaplege forvaltningsplanar for havområda

I St.meld. nr. 12 (2001–2002) Rent og rikt hav blei det bestemt at det skal utarbeidast forvaltningsplanar for dei norske havområda. Formålet med forvaltningsplanane er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursane og økosystemtenestene i havområda og samtidig halde oppe strukturen, verkemåten, produktiviteten og naturmangfaldet i økosystema. Det er det gjeldande sektorregelverket, inkludert havbotnminerallova, som ligg til grunn for reguleringa av aktivitet i forvaltningsplanområda.

Som ein del av arbeidet med forvaltningsplanane er det identifisert særleg verdifulle og sårbare område (SVO). Særleg verdifulle og sårbare område er område som har vesentleg betydning for det biologiske mangfaldet og den biologiske produksjonen i havområdet, også utanfor områda. Særleg verdifulle og sårbare område gir ikkje direkte verknader i form av avgrensingar for næringsverksemd, men signaliserer at det er viktig å vise særleg aktsemd i desse områda. For å beskytte miljøverdiane i slike område kan det, med heimel i gjeldande regelverk, bli stilt særlege krav til aktivitet som blir utøvd.

Delar av opningsområdet overlappar eller er nær SVO-ane den arktiske front, iskantsona, Jan Mayen og Eggakanten. Nærare omtale av dette finst i Meld. St. 20 (2019–2020). Det vil bli gjort ei revidering av SVO-ane i samanheng med neste oppdatering av forvaltningsplanane i 2024.

manganskorper som er aktuelle for aktiviteten i området.

Departementet ser det som sentralt at det skjer aktivitet i tildelte areal. Det tildelte området skal kartleggjast og avgrensast gjennom eit arbeidsprogram. Arbeidsprogrammet som blir gitt, må ikkje vere så ambisiøst at det hindrar lønnsam utforsking.

Saman med intern kunnskapsbygging vil ein for seinare tildelingar byggje på den nye, oppdaterte kunnskapen og erfaringa. På denne måten blir det etablert ein utforskningsstrategi der ein først går etter dei områda som er forventta å vere mest prospektive, og der ein gradvis byggjer kom-

petanse og erfaring og dermed legg til rette for ei gradvis og kostnadseffektiv utforsking av områda som er opna. Tilgjengeleg informasjon blir såleis nytta til vidare leiting, og dette bidreg til ei rasjonell kartlegging av dei geologisk mindre kjende områda av sokkelen.

Departementet vil leggje til rette for ein arealpolitikk som over tid blir tilpassa utviklinga i næringa, samtidig som ein sikrar omsynet til effektiv og rasjonell utforsking gjennom å gå stegvis fram. For at utvinning skal bli godkjend, må utvinningsplanen vise at det kan skje på berekraftig og forsvarleg vis.

#### Regjeringa vil

- leggje til rette gjennom arealtildelingspolitikken for ei stegvis, kunnskapsbasert og rasjonell utforsking av opna areal
- setje i gang ein prosess for å lyse ut og tildele løyve under havbotnminerallova. Gjennom tilhøyrande arbeidsprogram vil tildeling av løyve bidra til kunnskapsoppbygging rundt havbotnmineralverksemd
- sikre at omsynet til nasjonal tryggleik blir vareteke ved tildelingar av løyve under havbotnminerallova

### 3.5 Vidare kunnskapsinnhenting og -oppbygging

I tillegg til leiteaktivitet som kommersielle aktørar driv, vil staten som ressurseigar halde fram med kartlegginga av norske havbotnmineral og setje i gang ein prosess for innhenting av miljøkunnskap også i statleg regi for områda som blir opna for havbotnmineralverksemd for å leggje til rette for ei effektiv og stegvis utforsking frå næringa og for å styrkje kunnskapsgrunnlaget til staten.

Det er stor kunnskapsmangel om natur- og miljøforhold knytt til havbotnmineral og opningsområdet. Det meste av kunnskapen som er relevant for mineral- og miljøspørsmål er frå dei to siste tiåra. Dei første undersøkingane av vulkanske område ved hjelp av fjernstyrte undervassfarkostar vart gjennomførte i 1999, og dei første funna av fossile mineralavsetningar vart gjorde det same året. Dei første aktive hydrotermiske felta vart lokaliserte i 2005. Faktagrunnlaget består såleis for det meste av kunnskap som er kommen fram ved forskning i området frå tusenårsskiftet fram til i dag.

Regjeringa vil arbeide for å styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom kunnskapsinnhenting og

-oppbygging både frå statleg side og gjennom å opne for at kommersielle kan drive havbotnmineralverksemd. Gjennom kommersiell verksemd vil rettshavarar til utvinningsløyve som blir tildelte, innhente kunnskap både om ressursar, miljøverdiar og moglege miljøverknader for konkrete utvinningsprosjekt. Omfanget av dette vil bli fastsett for leitefasen gjennom dei arbeidsprogramma rettshavaren blir pålagt ved tildeling av slik løyve.

Relevante data som rettshavarar samlar inn, deriblant relevante miljødata, vil i samsvar med havbotnminerallova, bli delte med styresmaktene, deriblant også Mareano-programmet. Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for god sameksistens.

I tillegg til kartlegginga frå private aktørar, vil departementet ta initiativ til ein prosess med sikte på å auke kunnskapsgrunnlaget for staten. For å styrkje utsiktene til å gjennomføre ei tilfredsstillande vurdering av eventuelle søknader om godkjenning av ein utvinningsplan, er auka kunnskap om regionale og lokale havstraumar, utbreiing og konsentrasjon av biomasse, og bento-pelagiske samanhengar i dei ulike djupa i Norskehavet og Grønlandshavet særleg viktig. Det går i dag føre seg kartlegging i statleg regi utført av statens eigne etatar, inkludert Oljedirektoratet og gjennom Mareano-programmet. Mareano utførte akustisk djupnekartlegging i 2019 i område som primært var innretta mot å gi eit representativt utval av naturtypar. Nokon kjende område med mineralførekomstar vart inkluderte. Mareano har allereie identifisert moglege framtidige område for kartlegging særleg relevant for havbotnmineral. Miljøforhold i områda som er relevante for mineralverksemd vil bli kartlagt gjennom Mareano-programmet.

Som det kjem fram av konsekvensutgreiinga eksisterer det god kunnskap om dei generelle hydrografiske forholda og havstraumar i Dei nordiske hava,<sup>11</sup> men det manglar detaljert kunnskap av høg romleg oppløysing i topografiske komplekse område som rundt midthavsryggene. For å styrkje kunnskapen om havstraumar blir Havforskningsinstituttet gitt eit oppdrag om å auke kunnskapen om regionale og lokale havstraumar i dei ulike djupa i Norskehavet og Grønlandshavet.

For å styrkje kunnskapen om natur- og miljøforhold i opningsområdet vil det i samband med kartlegging av ressurspotensialet for havbotnmineral på norsk kontinentalsokkel i regi av Oljedi-

rektoratet og gjennomføring av ressurskartleggingstokt også normalt bli samla inn miljødata i samarbeid med relevante fagmiljø som ved Universitetet i Bergen. Saman vil privat leiteverksemd og vidare statleg innsats innanfor kunnskapsinnhenting og forskning og utvikling styrkje kunnskapsgrunnlaget for styresmaktene si forvaltning av havbotnmineral og behandling av eventuelle søknader om godkjenning av utvinningsplanar. Deling og tilgjengeleggjing av data vil også vere viktig i denne samanhengen.

#### *Regjeringa vil*

- halde fram kartlegginga av norske havbotnmineral og setje i gang ytterlegare kartlegging av natur- og miljøforhold for å leggje til rette for ei effektiv og stegvis utforskning frå næringa og for å styrkje kunnskapsgrunnlaget til staten
- kartleggje miljøforhold i områda som er relevante for mineralverksemd, gjennom Mareano-programmet
- sikre at relevante data som rettshavarar samlar inn, deriblant relevante miljødata, i samsvar med havbotnminerallova blir delte med styresmaktene, deriblant også Mareano-programmet
- gi Havforskningsinstituttet eit oppdrag om å auke kunnskapen om regionale og lokale havstraumar i dei ulike djupa i Norskehavet og Grønlandshavet
- at det i samband med kartlegging av ressurspotensialet for havbotnmineral på norsk kontinentalsokkel i regi av Oljedirektoratet og gjennomføring av ressurskartleggingstokt også normalt blir samla inn miljødata i samarbeid med relevante fagmiljø som ved Universitetet i Bergen

### **3.6 Behov for forskning og utvikling**

Forskning og utvikling er eit sentralt element for eit nytt nærings- og forvaltningsområde, og det er avgjerande at FoU-innsatsen kjem inn så tidleg som mogleg. Staten har ei viktig rolle i å bidra til kunnskapsbygging gjennom å satse på FoU innanfor havbotnmineralverksemd.

Noregs forskingsråd gjennomførte på oppdrag frå Olje- og energidepartementet i 2019 ein studie for å vurdere kunnskapsgrunnlaget for forskning og teknologiutvikling knytt til havbotnmineral. Studien viser potensialet for kunnskaps- og teknologioverføring frå olje- og gasssektoren, når det gjeld både utforskning og utvinning. Samtidig pei-

<sup>11</sup> Havområde avgrensa av Grønland i vest, Noreg i aust, Framstredet i nord og den undersjøiske Grønland-/Skottlandryggen i sør.

kar studien på behov for meir forskning i heile verdikjeda frå geologiske undersøkingar til effektiv og berekraftig utvinning, og dessutan påverknad på ytre miljø og økosystem. Meir spesifikt peikar studien på behovet for meir kunnskap om

- ressursgrunnlaget – korleis geologiske ressursar blir danna på/i havbotnen, korleis dei samspelar med biologiske ressursar, og korleis ressursane blir brotne ned eller tildekte over tid
- miljørisiko og konsekvensar knytte til verksemda – slik kunnskap har betydning for verksemda nasjonalt, men vil også vere viktig for utviklinga av denne næringa internasjonalt
- teknologisk forskning – slik forskning kan medverke til å modne ressursar til reservar, og kan gjere ei framtidig næringsverksemd mogleg. Demonstrasjon av eksisterande teknologi på nye bruksområde er viktig.

Noreg har lang erfaring med næringsverksemd og har sterke forskings- og teknologimiljø knytte til olje- og gassverksemda, havet og ressursane i havet. Dette er eit godt utgangspunkt for å kunne utvikle lønnsam mineralverksemd på havbotnen. Norskbaserte miljø har gjennom mange års verksemd klart å ta leiande posisjonar i globale havnæringar. Noreg har dermed gode føresetnader for å bli kunnskaps- og teknologileverandør til ei ny, global næring basert på utnytting av havbotnmineralførekomstar.

Det har til no ikkje vore øyremerkt midlar til å støtte forskings- og innovasjonsprosjekt innanfor havbotnmineral. Slike prosjekt kan likevel søkje om støtte gjennom dei opne arenaene til Noregs forskingsråd, som brukarstyrt innovasjonsarena, innovasjonsprosjekt i næringslivet, skattefunn og grøn plattform. Det har også vore tildelt støtte til havbotnprosjekt gjennom det målretta programmet MARINFORSK, jf. boks 3.3. Prosjektporteføljen i Forskringsrådet er likevel liten og fragmentert, og det er behov for å etablere ein meir målretta aktivitet som vil vere meir synleg og dermed bidra til ei tydelegare profilering av moglegheitene for FoU innanfor berekraftig utvinning av havbotnmineral.

Før ein kan vinne ut havbotnmineral, må ein påvise ressursane og greie ut det kommersielle potensialet, og sjølv utvinninga må skje på ein effektiv og berekraftig måte. Ei styrkt satsing på FoU for å auke kunnskapsgrunnlaget for mogleg utvinning av havbotnmineral er viktig for å finne fram til kostnadseffektive og berekraftige løysingar for utvinninga. Det vil vere naturleg å leggje satsinga til Noregs forskingsråd.

Det vil vere viktig å etablere ei verdikjede der grunnleggjande strategisk forskning byggjer opp under interessene og behova til næringslivet. Samarbeid mellom næringsliv og forskingsorganisasjonar er derfor sentralt. Desse kan i dialog med styresmaktene komme med innspel til utforminga

### Boks 3.3 Eco-Safe Ridge Mining-prosjektet

Eco-Safe Ridge Mining er eit treårig forskingsprosjekt leidd av Universitetet i Bergen med norske og internasjonale partnerar frå universitets- og instituttsektoren og næringslivet. Prosjektet får støtte gjennom Noregs forskingsråds MARINFORSK-program. Det tek sikte på å gjennomføre studiar som er nødvendige for å kunne vurdere moglege miljøpåverknader av mineralutvinning på havbotnen, og å identifisere best moglege tilnæringsmåtar for slik verksemd. Prosjektet har søkjelys på djuphavhabitat på den midt-atlantiske spreingsryggen, der massive sulfidførekomstar på havbotnen produsert av aktivitet frå varme kjelder er moglege mål for kommersiell utvinning av strategisk viktige metall. For å karakterisere tilstand og naturlege miljøvariasjonar før ei eventuell utvinning startar, gjennomfører prosjektet grunnleggjande økologiske undersøkingar av botndyr

knytte til område i og i nærleiken av massive havbotnsulfidførekomstar. Målretta vitenskapleg forskning blir også utført for å føreseie moglege økosystemverknader av habitatfjerning og metallhaldige undersjøiske straumar som kan tenkjast å inntreffe under utvinning av mineral på midthavsryggen. Studiane omfattar kvantitativ karakterisering av biologisk mangfald og struktur, økosystemfunksjonar og rekoloniseringsmoglegheitene til artar og dessutan effektane av metallhaldige vasstraumar. Forskinga blir utført innanfor eit rammeverk for miljørisiko. Det blir gjort for å sikre at forskingsdataa bidreg til relevant informasjon for utviklinga i industrien av teknologi som sikrar miljømessig forsvarleg drift. Det blir vidare gjort for å danne eit grunnlag for norske styresmakter når dei skal etablere forskrifter for mineralverksemd i djupvassområde under norsk jurisdiksjon.

av forskingsinnsatsen. Vidare bør internasjonalt samarbeid vere ein del av det. Dette er eit næringsområde i startfasen internasjonalt. Noreg har høve til å ta ein viktig posisjon basert på kompetanse frå olje- og gassektoren og maritim sektor.

Tiltaka til regjeringa kjem til å gi kunnskap og teknologi som bidreg til at utvinninga av havbotnmineral kan skje effektivt og lønnsamt og på ein måte som gir auka tryggleik for at verksemda kan skje på ein miljømessig akseptabel måte. Tiltaka vil auke kompetansenivået hos både styresmaktene og næringslivet. Dei kjem til å gi ein stor norsk leverandørsektor fleire bein å stå på, anten det gjeld å etablere nye selskap med utspring i olje- og gassektoren eller diversifisering i meir etablerte selskap i olje- og gassnæringa og innanfor havbotnkartlegging.

Dette er ein heilt ny næringssektor, men det er likevel klart at det eksisterer eit stort potensial for overføring av kompetanse og teknologi frå både olje- og gassverksemd og maritim verksemd.

Tilgang på prøver og data og moglegheiter for teknologisk testing er viktig i utviklingsløpet. Oljedirektoratet er i ferd med å kartleggje dette. Det ligg føre eit prøve- og datagrunnlag mellom anna gjennom tidlegare forskingsprosjekt og gjennom internasjonalt samarbeid som for eksempel *International Ocean Discovery Program* (IODP), der Noreg deltar. Dette er eit godt utgangspunkt for nye forskings- og innovasjonsprosjekt.

#### *Regjeringa vil*

- opprette ei målretta og heilskapleg satsing i regi av Noregs forskingsråd på forskning og innovasjon for å styrkje kunnskapen om miljø- og naturverdiar i djuphavet og føresetnadene for berekraftig utvinning av havbotnmineral, inkludert berekraftige teknologiar og løysingar
- etablere ein møteplass for dialog mellom næring, forskingsmiljø og styresmakter som kan gi innspel til korleis forskingsinnsatsen best kan målrettast

## 4 Konsekvensutredningen

Krav om gjennomføring av en konsekvensutredning før eventuell åpning av områder for mineralvirksomhet på norsk kontinentalsokkel følger av havbunnsmineralloven § 2-1. Konsekvensutredningen skal belyse de ulike interessene som gjør seg gjeldende på det aktuelle området, slik at dette kan ligge til grunn når det skal tas stilling til om, og eventuelt på hvilke vilkår, området kan åpnes for mineralvirksomhet. Konsekvensutredningen skal belyse hvilke virkninger en eventuell åpning kan få for miljøet og antatte næringsrelaterte, økonomiske og sosiale virkninger. Det er Olje- og energidepartementet som er ansvarlig for å gjennomføre konsekvensutredningen. Departementet har bedt Oljedirektoratet om å bistå i gjennomføringen av konsekvensutredningsprosessen, herunder koordinere det faglige utredningsarbeidet. Oljedirektoratet har hatt kontakt med Miljødirektoratet når det gjelder definisjon av relevante utredningstema og vurdering av utredninger innenfor deres ansvarsområde.

### 4.1 Om konsekvensutredningsprosessen

Et forslag til utredningsprogram ble utarbeidet og sendt på offentlig høring 12. januar 2021. Høringsinnspillene ble behandlet og endelig program for konsekvensutredning ble fastsatt av Olje- og energidepartementet 10. september 2021. Pro-

grammet består av programforslaget som ble sendt på høring, samt departementets vurderinger av høringskommentarene. Konsekvensutredningen ble så gjennomført på basis av det fastsatte programmet.

I prosessen har Oljedirektoratet konsultert relevante faglige etater og ledende fagmiljøer for å sammenstille tilgjengelig kunnskap om naturressurser, miljø og næringsvirksomhet i utredningsområdet, samt mulige virkninger på disse. Det ble utarbeidet totalt ni grunnlags- og virkningsrapporter for å sammenfatte kunnskap om relevante forhold og utrede mulige virkninger av havbunnsmineralvirksomhet i utredningsområdet. Flere statlige direktorater og etater har bidratt i dette arbeidet.

Utredningsområdet som danner grunnlaget for konsekvensutredningen, dekker et område på ca. 592 500 kvadratkilometer mellom yttergrensen for kontinentalsokkelen/avtalt avgrensingslinje sør og sørøst for Jan Mayen og Svalbard og omfatter områder fra 100 til 4 000 meters havdyp. Avgrensningen av området er basert på ressursfaglige vurderinger og inkluderer de områdene der betingelsene er til stede for å påvise forekomster av polymetalliske sulfider og manganskorper.

Konsekvensutredningen inneholder ikke detaljerte vurderinger knyttet til mulige, fremtidige konkrete utvinningsprosjekter. I henhold til havbunnsmineralloven vil utredning av alle relevante forhold ved slike prosjekter skje i tilknyt-

Tabell 4.1 Grunnlagsstudier gjennomført som en del av utredningsarbeidet

Tema	Utøvende institusjon
Landskapstrekk, naturtyper og bentiske økosystemer	Universitetet i Bergen, Senter for dyphavsforskning, i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og NORCE
Pelagisk økosystem	Havforskningsinstituttet
Sjøfugl	Norsk polarinstitutt i samarbeid med NINA og Akvaplan-Niva
Fiskeriaktivitet	Fiskeridirektoratet
Skipstrafikk	Kystverket
Teknologistatus	DNV i samarbeid med NTNU og utenlandske eksperter

ning til eventuelle fremtidige søknader fra industriaktører om godkjenning av en plan for utvinning av konkrete mineralforekomster.

## 4.2 Hovedresultater fra konsekvensutredningen

Konsekvensutredningen sammenfatter resultater fra de ulike studiene, med fokus på de forhold som anses å være relevante for en beslutning om eventuell åpning av områder. Nedenfor følger hovedfunnene fra konsekvensutredningen. For mer utfyllende informasjon vises det til konsekvensutredningsrapporten og grunnlags- og virkningsrapportene.

### 4.2.1 Metoder for undersøkelse etter havbunnsmineraler

Det finnes ulike metoder for å kartlegge mineraler på havbunnen. Disse varierer avhengig av hvilke typer mineraler man ønsker å kartlegge. Leting etter havbunnsmineraler foregår ved detaljert kartlegging av havbunnen. De første data som må fremskaffes for å undersøke et område er detaljerte batymetriske kart (havbunnstopografi) som kan identifisere strukturer som domer, forkastninger og skråninger. Deretter benyttes ulike geofysiske metoder for å kartlegge ressursene før visuell inspeksjon og prøvetaking gjennomføres.

### 4.2.2 Teknologier for utvinning av havbunnsmineraler

Det foregår ikke kommersiell utvinning av mineraler fra dyphavene i verden i dag. Teknologier for utvinning er under utvikling og er spesielt knyttet til undervannsoperasjoner på store dyp. Foreslåtte konsepter for marin mineralutvinning tar utgangspunkt i systemer der mineralene brytes på havbunnen og heves opp til en produksjonsenhet (f. eks et skip) på overflaten. Disse konseptene baserer seg i stor grad på eksisterende teknologier fra etablerte næringer. I hovedsak gjel-

der dette teknologier og løsninger fra olje- og gassvirksomheten, landbasert gruvedrift, skipsindustri og mudringsfartøyer. Overordnet er utvinningen forventet å bestå av følgende produksjonssteg:

1. Bryting og oppsamling av mineraler på havbunnen
2. Vertikal transport av malmen fra havbunn til produksjonsenhet på havoverflaten
3. Lagring og eventuelt avvanning av malm om bord på produksjonsenhet
4. Lasting fra produksjonsenhet til transportskip/lagringssystem, samt deponering av avgangsmasser/separert sjøvann
5. Transport av malm til landanlegg for behandling og/eller videreprosessering


I de fleste løsningene som er beskrevet per i dag, skal hevingen foregå ved å omdanne malmen til en masse/vann-blanding som så pumpes opp til produksjonsenheten. Der må vannet skilles ut før malmen lagres i produksjonsenheten. Avvannet blir så returnert til havbunnen. Imidlertid har man nå også begynt å se på andre løsninger for å heve malmen til overflaten uten at det produseres avvann.

Brytingen av malmen foregår på overflaten og de øverste lagene av havbunnen. Det foregår nå en betydelig utvikling av nye teknologier for utvinning av havbunnsmineraler. Dette vil kunne medføre at det vil være andre teknologier som vil være aktuelle ved en fremtidig mulig oppstart av kommersiell utvinning av havbunnsmineraler på kontinentalsokkelen. Teknologit utviklingen forventes å gå i retning av mer tilpasset utstyr for å oppnå en effektiv mineralutvinning. Teknologit utviklingen kan også bidra til å redusere den lokale miljøpåvirkningen. Samtidig er det forhold som ikke kan avbøtes gjennom teknologiske løsninger, som der områder helt lokalt brytes av eller skaves bort, og habitater blir fjernet.

Det er en rekke ytre faktorer som er relevante for valget av teknologi for leting og utvinning av havbunnsmineraler. I faggrunnlaget pekes det på at det finnes noen viktige ytre faktorer som medfører at dypmarin mineralutvinning innenfor

Tabell 4.2 Tematiske fagstudier gjennomført for å avklare virkninger av undersøkelse og utvinning av havbunnsmineralvirksomhet

Tema	Utøvende institusjon
Virksomheter for miljø og andre næringer	Akvaplan-Niva i samarbeid med IKM Acona
Sosiale og økonomiske virkninger	Asplan Viak i samarbeid med NTNU
Næringsmessige muligheter	Ernst & Young



Figur 4.1 Ulike norske potensielle teknologier for prøvetaking og utvinning av havbunnsmineraler fra RenOcean (øverst til venstre), fra Adepth Minerals (i samarbeid med Seabed Solutions og Deep Ocean, øverst til høyre) og Loke Marine Minerals (for skorper nede til venstre og sulfider nede til høyre).

Kilde: Illustrasjon med tillatelse fra Loke Marine Minerals, RenOcean og Adepth Minerals.

utredningsområdet vil skille seg ut fra andre områder, men at dette igjen vil variere betydelig også innen utredningsområdet. Dette gjelder spesielt værmessige forhold, herunder både ising, sjøis og forekomst av isfjell. Slike forhold må håndteres eksempelvis gjennom krav og vilkår for etablering av løsninger for eventuell utvinning av havbunnsmineraler i området.

På grunn av at mineralutvinningen normalt vil foregå langt fra land vil det også være ekstra utfordringer knyttet til forsyninger og mannskapsbytter på produksjonsstøttefartøyet. De største utfordringene forventes imidlertid å være knyttet til beredskap; altså nødevakuering, søk og redning. Disse forholdene er for en stor del allerede godt utredet i forbindelse med petroleumsvirksomhet i utfordrende områder.

#### 4.2.3 Natur- og miljøforhold


I norsk del av Norskehavet strekker den atlantiske midthavsryggen seg fra områdene vest for Jan Mayen til inngangen av Framstredet, totalt ca. 1 300 kilometer. Ved dette ryggssystemet dannes havbunnen ved havbunns-spredning, som drives av et samspill av vulkanske og tektoniske prosesser. I Norskehavet beveger skorpeplatene seg bort fra hverandre med en hastighet på i underkant av 1 centimeter i hver retning i året. Hele havbassenget som skiller Norge fra Grønland har blitt dannet ved slike prosesser over en tidsperiode på 50 millioner år. En kjede av unge vulkaner definerer spredningsaksen der havbunnen dannes i dag. Langs spredningsaksen vokser det også frem et fjellandskap ved forkastningsbevegelser og jordskjelvaktivitet. Havmassene i Norskehavet skjuler derfor Norges mest dynamiske geologiske provins.

Den vulkanske aktiviteten i området avgir geotermisk varme, som er drivkraft for hydrotermal aktivitet. Slik dynamisk, geologisk aktivitet fører til dannelse av potensielle mineralressurser og til etablering av en rekke særegne habitater. Disse hydrotermale områdene opptrer fra Kolbeinseyryggen i sør til Knipovitsryggen i nord og ved havdyp som her varierer fra 100 til 3000 meter. De varme havkildene fører til dannelse av metallholdige mineralavsetninger. Når den hydrotermale aktiviteten opphører, ligger mineralutfellingene

tilbake som fossile metallholdige avsetninger på havbunnen.

Ved aksedalen er det mineralavsetninger (sulfider) som dannes ved varme kilder eksponert på havbunnen, men de blir begravet av tykke sedimentlag etter hvert som havbunnskorpen blir eldre og beveger seg bort fra spredningsryggen. Når de begravnes i slike sedimentlag blir de utilgjengelig for utvinning med dagens teknologi.


For manganskorper er det omvendt, jo lenger ut fra spredningsryggen, jo tykkere er



Figur 4.2 Konseptuelt produksjonssystem for sulfider

Malm brytes og samles, og malm/vann-blanding pumpes via et stigerørssystem. Slammet (slurryen) transporteres så vertikalt til produksjonsskipet på overflaten, før malmen avvannes og transporteres til land.

Kilde: Oljedirektoratet



Figur 4.3 Perspektivkart over sentrale deler av Mohnsryggen der noen av de vulkanske og tektoniske landskapsformene er markert.

Kartet illustrerer de store dybdeforskjellene mellom fjellområdene og aksedalen. Vertikalskalan i terrenngmodellen er to ganger forstørret i forhold til horisontalskalaen.

Kilde: Universitetet i Bergen

manganskorpene. Utredningsområdets utstrekning reflekterer denne kunnskapen.

Det aller meste av utredningsområdet har dybder mellom 1 000 og 4 000 meter. Med unntak av primærproduksjon som er knyttet til et fåtall hydrotermale forekomster, er næringstilgangen i den afotiske sonen<sup>1</sup> begrenset til partikler (marin snø) som synker ned i dypet fra de produktive grunnere vannlagene. Deler av det sørligste utredningsområdet ligger mellom 200 og 1 000 meters dyp. Sør for Jan Mayen-bruddsonen dekker disse relativt grunne områdene et areal på 5 900 kvadratkilometer. Like nord for Jan Mayen-bruddsonen er det også områder som er grunnere enn 1 000 meter og som også har relativ god næringstilgang fra den fotiske sonen.<sup>2</sup>

Biologiske undersøkelser i norske havområder går langt tilbake i tid, og inkluderer både tidlige tokt som den norske Nordhavsekspedisjonen av 1876–78 og den danske Ingolf-ekspedisjonen, til prosjekter som BIOFAR og BIOICE og pågående programmer som Mareano. Likevel er kun få utredninger foretatt av miljøet på havbunnen og

økosystemsammenhenger i utredningsområdet, og sammenliknet med våre andre havområder/sokkelområder har vi begrenset kunnskap om det marine miljø i utredningsområdet.

Utredningsområdet har en stor utstrekning med vekslende habitater med ulike organismesamfunn. Generelt kan det skilles mellom organismesamfunn som lever i områder med sedimenter (bløtbunnsfauna) og i områder med hard bunn (hardbunnsfauna). Det finnes også områder med vekslende bunn av sedimenter og hardbunn.

Kolbeinseyryggen (Jan Mayen-forekomstene og Syv Søstre) ser ut til stort sett å bestå av arter som er kjent fra hard- og bløtbunnsområder i området, mens de dypere varme kildene lengre nord på Mohnsryggen har en større andel tilpassede arter.

De siste års undersøkelser har hatt fokus på områder med varme kilder. På verdensbasis er faunaen fra varme kilder i ulike geografiske områder i stor grad tilpasset dette spesifikke miljøet. Det samme ser ut til å gjelde tilsvarende fauna på midthavsryggen i Norskehavet, som er svært ulik fauna fra varme kilder i Atlanterhavet eller i Stillehavet, i alle fall på artsnivå.

Studier av mikrobielle samfunn ved de varme kildene i utredningsområdet indikerer at sam-

<sup>1</sup> Havdyp hvor det ikke er tilstrekkelig lys for fotosyntese, ofte fra 200 meter og dypere.

<sup>2</sup> I fotisk sone er det tilstrekkelig lys til å drive fotosyntese.

mensetningen er sterkt påvirket av den unike kjemien ved de ulike forekomstene. Funksjonelle grupper som svoveloksidierende, hydrogenoksidierende, jernoksidierende, metanoksidierende (anaerobe, aerobe) og sulfatreduserende mikroorganismer dominerer. De ulike gruppene, samt deres relative tilstedeværelse, varierer imidlertid innad og mellom forekomstene.

Disse områdene med hydrotermale forekomster utgjør kun en liten del av utredningsområdet, mens hoveddelen av utredningsområdet er representert ved dyphavsslettene med bløtbunn (sedimenter). På grunn av den høye temperaturen vil det være lite sannsynlig at havbunnsmineralvirksomhet vil foregå direkte på slike hydrotermale strukturer. Det kan likevel være at havbunnsmineralvirksomhet får betydning for aktive strukturer, på grunn av nærhet og strømforhold.

Det er lite kunnskap om dyresamfunn ved inaktive kilder. Inaktive sulfidforekomster er områder med tidligere varm oppstrømming og kan fremstå som enten hardbunn eller dekket av sedimenter, avhengig av alder. Når utstrømmingen av væske stanser forsvinner næringsgrunnlaget for de kjemoautotrofe organismene og økosystemet kollapser. Enkelte studier kan likevel tyde på at unike bentiske megafaunaansamlinger er knyttet til disse habitatene, men det er usikkerhet knyttet til slike funn og nødvendig med mer kartlegging og undersøkelser av dyresamfunn ved inaktive forekomster. Konsekvensutredningen skiller ikke på inaktive forekomster som er aktuelle for mineralvirksomhet, og inaktive forekomster som er tildekket av sediment. Skillet er likevel viktig i forbindelse med miljøvurderingen. Nylig utdødde sulfidforekomster med mindre grad av sedimentering vil være aktuelle områder for havbunnsmineralutvinning. Disse ligger også ofte nær de aktive forekomstene. I utredningene er det lagt til grunn at inaktive områder har fauna dominert av bløtbunnsfauna som ikke skiller seg fra omkringliggende bløtbunnsområder. Det er behov for mer kunnskap om inaktive systemer, både nylig inaktive og de som er tildekket av sediment, for å gi mer nyanserte vurderinger for slike.

Til forskjell fra dyphavsslettene som arealmessig utgjør størstedelen av dyphavet, finnes det betydelig sammenhengende og spredt hardbunn på langs av ryggsystemet som er knyttet til topografiske trekk slik som vulkanrygger, forkastningskråninger, sjøfjell og spredte steiner. Sjøfjellet Schulzbanken, i nærheten av Lokeslottet, har vært gjenstand for flere undersøkelser. Toppen og andre deler av sjøfjellet er dekket av dyphavs svampegrunn med ulik artssammensetning på

ulik dybde, en habitattype som danner et rikt grunnlag for assosiert fauna.

Utredningsområdet er en del av De nordiske hav. De nordiske hav er en fellesbetegnelse for Norskehavet, Islandshavet og Grønlandshavet og brer seg nordover fra Grønland-Skottlandryggen, opp mot Framstredet og Spitsbergen. Det begrenses av Fastlands-Norge i øst og Grønland i vest. De nordiske hav dekker således et meget stort og heterogent areal. Kunnskapen om havområdet, også om de best undersøkte områdene, er meget fragmentert.

Det eksisterer god kunnskap om de generelle hydrografiske forhold og havstrømmer i De nordiske hav, men det mangler detaljert kunnskap (av høy romlig oppløsning) i topografiske komplekse områder som rundt midthavsryggene. Havområdet karakteriseres av en sterk nordgående strøm av varmt vann på østsiden, langs norskekysten, og en sydgående strøm av kaldt vann på vestsiden. Langs midthavsryggene Jan Mayenryggen, Mohnsryggen og Knipovitsryggen dannes en relativt skarp front mellom de varme og kalde vannmassene, som blir kalt Den arktiske front. Hvordan de to vannmassene er fordelt over havområdet og i dypet, og blandingen av vannmasser med ulik temperatur og saltinnhold, er svært viktig fordi det styrer utbredelsen av arter, populasjoner og samforekomst av både plankton, fisk og sjøpattedyr.

Tyngre vannmasser blir dannet her ved at varmt og salt atlantehavsvann som strømmer inn i området, mister mye av sin varme til atmosfæren. Når dette skjer blir vannet tyngre og synker ned i dypet og strømmer senere ut av De nordiske hav og inn i sørligere deler av Atlanterhavet, og bidrar slik til omveltningssirkulasjonen i det nordlige Atlanterhavet. Denne transporten av vann fra overflaten til dypet er av stor betydning for den globale karbonsyklusen, og ved transporten overføres CO<sub>2</sub> som overflatevannet har tatt opp fra atmosfæren ned i dypet av havet.

Plankton forekommer fra bunn til overflate gjennom hele utredningsområdet, men mengden og artssammensetningen varierer geografisk og med miljøforholdene i ulike typer vannmasser. Mengden av en gitt planktonart i et bestemt område og dyp vil videre endre seg gjennom sesongsyklusen. Bakteriene er de mest tallrike organismene, og deres funksjon i det pelagiske økosystemet er i hovedsak knyttet til nedbrytning av organisk materiale. Planteplanktonet omdanner uorganisk karbon til biologisk bundet organisk karbon ved fotosyntese. Dyreplanktonet spiller en viktig rolle i det pelagiske systemet ved å

beite på planteplanktonet, mens de selv spises av organismer på høyere trofiske nivå. Slik kanaliseres energien fra primærprodusentene oppover i næringsnettet.

Det pelagiske fiskesamfunnet i Norskehavet er dominert av store bestander av norsk vårgytende sild, makrell og kolmule. I tillegg finnes det store mengder av lodde, og mindre mengder atlantisk laks, rognkjeks og makrellstørje. Norskehavet er først og fremst et viktig beiteområde for de arter som vandrer inn i Norskehavet, bl.a. for å beite på dyreplankton om våren og sommeren. Sild, makrell, lodde, laks, rognkjeks og makrellstørje holder seg fremfor alt i de øvre vannlag mens kolmulen ofte finnes dypere, mellom 200 og 500 meter. Kontinentalskråningen er påvirket av møte mellom varme atlantiske vannmasser og kalde vannmasser. Her forekommer en rekke arter, herunder flere kommersielt viktige arter som blåkveite, snabeluer og vanlig uer.

For de fleste bestander er status god og de høstes bærekraftig. Noen arter er listet som sårbare, sterkt truet eller kritisk truet på norsk rødliste for arter, herunder vanlig uer, blålange og en rekke bruskfiskarter. For ikke-kommersielle arter mangler ofte informasjon om bestandsstørrelse, reproduksjons- og oppvekstområder, samt kunnskap om vandringsmønster. For områder dypere enn 1 000 meter er kunnskapsmangelen betydelig. Det finnes kun sporadiske undersøkelser på større dyp, hvor mange ikke-kommersielle arter lever.

#### 4.3.8 Utkast til beslutning om åpning av område på norsk kontinentalsokkel for mineralvirksomhet

Som det fremgår av havbunnsmineralloven, skal også et utkast til beslutning om å åpne et område for mineralvirksomhet sendes på høring sammen med konsekvensutredningen. Departementet varslet i høringsbrevet at det tas sikte på å legge frem en stortingsmelding om åpning for mineralvirksomhet våren 2023. Området det tas sikte på å åpne vil utgjøre hele eller deler av det området der Oljedirektoratet har mest data og kunnskap og som direktoratet anser som letestrategisk mest interessant i en første fase. Forslag til åpningsområde lå som vedlegg til høringsbrevet som ble sendt på høring.

##### 4.3.8.1 Høringsinstansenes syn

Svært mange av høringsinstansene hadde synspunkt på utkastet til beslutning om å åpne et område som var på høring. Det fremkom ulike syn på hvorvidt det foreslåtte åpningsområdet bør åpnes eller ikke. Flere høringsinstanser herunder særlig fagetater, mente at åpning burde utsettes til det forelå et tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag. Derksom det skulle åpnes, var det flere som påpekte at det kun burde være for leteaktivitet. Andre instanser støttet en åpning. Av disse var det flere høringsinstanser som ønsket et større område, mens én høringsinstans hadde konkrete innspill på innskrenking av det foreslåtte arealet. Nedenfor følger innspill som omhandler utkastet til beslutning om å åpne da dette er hovedspørsmålet i saken.

*Adept Minerals* mener at Norge som nasjon har et moralsk ansvar for å utrede muligheter for å sikre at mineraler utvinnes på den mest skånsomme måten samtidig som den påkrevde energiomstillingen ikke stagnerer. Selskapet støtter derfor utsendt forslag konsekvensutredning for mineralvirksomhet på norsk kontinentalsokkel og utkast til beslutning om åpning av område og foreslått tidsplan.

*Allton* mener at regjeringen må ta en beslutning om norsk mineralproduksjon på kontinentalsokkel for å sikre produksjon og tilførsel av mineraler for det grønne skiftet og med det redusere risikoen man i dag arbeider under hvor Kina kontrollerer forsyningskjedene.

*Bergen Næringsråd* anbefaler at Norge går videre med åpningsprosessen etter foreslått tids-

ramme med gjennomgående fokus på bærekraft og ESG.

*EnerGeo Alliance* støtter planen om åpning.

*Energy Transition Norway* uttrykker stor interesse for åpningsprosessen og ser fram til en stortingsmelding som tar viktige skritt i retning en ny næring på kontinentalsokkelen. De viser til at Norge kan bli med på å forme en industri fra tidlig fase og prege en industri som tilfører avgjørende mineraler som muliggjør den øvrige energitransformasjonen.

*Fiskebåt* er av den klare oppfatning at det vil være for tidlig å åpne dette området for mineralutvinning til havs, blant annet av hensyn til den manglende kunnskapen som foreligger om området – sett i et føre-var-perspektiv – den manglende avgjørelsen nasjonalt om marint vern, samt også usikkerheten knyttet til utviklingen i de pelagiske fiskeriene i området, den manglende hensyntagen til utenlandsk fiskeriaktivitet og eventuelle konsekvenser slik utvinning kan få for økosystemene, bestandene, matsikkerheten og selve utøvelsen av fisket.

Fiskebåt viser til at aktiviteten som forekommer i utredningsområdet i hovedsak er konsentrert rundt områder nær Jan Mayen, samt helt sør i utredningsområdet. Fiskebåt mener det derfor er positivt at departementet har utelatt områdene rundt Jan Mayen og den helt sørøstlige delen av det opprinnelige utredningsområdet. Fiskebåt mener likevel at området i sør burde vært ytterligere begrenset av hensyn til den pelagiske flåten/ringnotflåten, herunder en betydelig aktivitet fra utenlandske fiskerfartøyer.

*Forsvarsdepartementet* skriver i sin høringsuttalelse at det foreslåtte området for ressurskartlegging korresponderer delvis med områder av høy militærstrategisk viktighet, mulige områder for etablering av militær infrastruktur, områder med rutinemessig tilstedeværelse av alliert undervannsbåter samt potensielle områder for trening, øving- og operasjoner for russiske sjømilitære kapasiteter. Forsvarsdepartementet er derfor av den oppfatning at eventuelle aktiviteter for ressurskartlegging i dette området bør gjennomføres i tidlig og tett dialog med Forsvaret gjennom Forsvarets operative hovedkvarter hvor også EOS-tjenestene er inkludert i prosessen, slik at ikke nasjonal- eller alliert militær aktiviteter og kapasiteter påvirkes negativt.

*Framtiden i våre hender* mener at Vøringutstikkeren, Mohnsryggen og Knipovitsryggen ikke burde åpnes for aktivitet innen mineralutvinning, og ønsker et 10-årig moratorium på gruedrift på havbunnen.

*GCE Node* er meget positive til den pågående åpningsprosessen på norsk kontinentalsokkel og likeså at den er sendt ut på høring. De støtter en skrittvis åpning for industriell leteaktivitet med hensikt å øke kunnskapen om ressursforekomstene og få mer innsikt om miljøkonsekvensene. De påpeker at det foreslåtte åpningsområdet er blitt redusert i forhold til utredningsområdet, og anbefaler at man, for å sikre en best mulig oversikt over de totale forekomstene, at hele utredningsområder utforskes planmessig for minst mulig belastning av miljø.

*GCE Ocean Technology* er positive til den pågående åpningsprosessen. De støtter en kunnskapsbasert og trinnvis prosess som åpner opp for industriell aktivitet. De har merket seg at det foreslåtte åpningsområdet er blitt redusert i forhold til utredningsområdet, og skulle gjerne sett at hele utredningsområdet ble åpnet, da dette muliggjør for en mer effektiv utforskning av sokkelen. Det vil være uheldig om det skulle vise seg at deler av utredningsområdet utelatt i foreslått åpningsområdet inneholde spennende mineralforekomster.

*Green Minerals* er positive til åpningsprosessen og støtter en kunnskapsbasert og stegvis tilnærming for industriell aktivitet. Basert på det omfattende arbeidet som er utført og materialet som er presentert i denne høringen støtter *Green Minerals* en åpning for mineralvirksomhet på norsk kontinentalsokkel.

*Industri Energi* skriver at om Norge skal lykkes, er industrien avhengig av å gjennomføre åpningsprosessen med et forutsigbart rammeverk som gjør det mulig for industrielle aktører å satse. Samtidig mener de Norge må styrke samarbeidet og finansieringen av felles forsknings- og utviklingsprosjekter mellom universiteter, forskningsinstitutter og industrien.

*KLP* anbefaler at det ikke åpnes for kommersielt orienterte undersøkelser og utvinning av mineraler på havbunnen før vi har bedre kunnskap om samlede negative konsekvenser.

*KonKraft* støtter utkastet til beslutning om åpning av område for mineralvirksomhet på norsk kontinentalsokkel.

*Kristiansund kommune* ser meget positivt på den pågående prosess for å åpne områder på norsk sokkel for leting etter og utvinning av havbunnsmineraler. De ser fram til stortingsmeldingen som er varslet om temaet våren 2023, og vil støtte myndighetens positive framdrift i saken.

*Kristiansund og Nordmøre Næringsforum* støtter departementets forslag til konsekvensutredning og utkast til beslutning om åpning av område.

*LO* skriver at de lenge har etterlyst mer kunnskap og kartlegging av norske mineralressurser. De peker på at konsekvensutredningen løfter frem og viser til mange tema og områder man trenger mer kunnskap om. En åpning av områder vil sikre mer kunnskap, og medføre at man kan sette strenge krav og tilpassa tiltak for å ivareta miljø og sikkerhet for den aktuelle lokasjonen.

*Loke Marine Minerals AS* uttrykker støtte til myndighetenes arbeid med å etablere rammeverk for havbunnsmineraler på norsk sokkel. Klar retning, rask framdrift, konsesjonsvilkår som gir forutsigbarhet, støtte til teknologiutvikling og ambisjoner om å bygge en norsk industri, må stå sentralt i det videre arbeidet. De understreker viktigheten av at Norge, som fortsatt bør stå fram som et stabilt regime for nye naturbaserte næringer, holder god framdrift og stø kurs i arbeidet for å gjøre havbunnsmineraler til en ny nasjonal næring – i alle faser av fra utforskning, utbygging, utvinning, transport og prosessering – samt resirkulering.

*Meteorologisk institutt* mener at man må avvente åpning til kunnskapsgrunnlaget om sirkulasjon i dyphavet er kraftig forbedret.

*Miljødirektoratets* vurdering er at informasjonen i konsekvensutredningen ikke gir grunnlag for å åpne for mineralvirksomhet til havs. Konsekvensutredningen viser at kunnskapen i utredningsområdet er svært begrenset både når det gjelder natur, teknologi, og miljøvirkninger. De skriver at de ikke vet noe om omfanget av mulig aktivitet, noe som har stor betydning for samlet belastning og de miljømessige konsekvensene i området. Direktoratet kan videre ikke se at prinsippene om kunnskapsgrunnlaget, føre-var og samlet belastning i naturmangfoldloven §§ 8-10 er lagt til grunn som retningslinjer for utkastet til beslutning, jf. naturmangfoldloven § 7. Dersom informasjonen i konsekvensutredningen og prinsippene i naturmangfoldloven legges til grunn er det etter direktoratets vurdering, ikke grunnlag for å ta stiling til spørsmålet om åpning, slik som forutsatt i havbunnsmineralloven § 2-2. Det er dermed ikke tilstrekkelig faglig og rettslig grunnlag for utkastet til beslutning. Direktoratet skriver videre at åpningsprosessen er det eneste formaliserte prosesstrinnet etter havbunnsmineralloven som gir relevante myndighetene og allmenheten muligheter for avveininger mellom ulike hensyn som næring og miljø, basert på arealbaserte konsekvensanalyser. Dersom det likevel besluttes at områder skal åpnes for mineralvirksomhet, mener direktoratet at dette bør begrenses til undersø-

kelse og ikke utvinning. Aktive sulfidforekomster bør skjermes både for undersøkelse og utvinning.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* er positiv til åpningsprosessen på norsk kontinentalsokkel i samsvar med havbunnsmineralloven.

*Nordland fylkeskommune* mener det er viktig at Norge bidrar til kartlegging, utvikling og produksjon av mineraler og metaller. For Nordland er det viktig å ha kunnskap om hvilke ressurser som eksisterer på norsk kontinentalsokkel, som er avgjørende for den teknologiske utviklingen vi står foran. Det peker videre på at undersøkelsene av havbunnsmineraler ikke må komme på bekostning av utvikling av tilsvarende ressurser som er kartlagt på land.

*Norges Fiskarlag* sin vurdering er at de samlede kostnadene og ulempene ved å åpne det foreslåtte området for marin gruvedrift, vil langt overstige det reelle potensialet for verdiskaping. På dette grunnlaget ber de regjeringen om å avvende den foreslåtte åpningen av utredningsområdet for gruvedrift til havs.

*Norges Miljøvernforbund* går mot en åpning. De skriver at i stedet for å åpne for en utvinning man absolutt ikke kjenner konsekvensene av, så burde Norge heller være den nasjonen som holdt igjen og viste ansvarlighet. De foreslår derfor at Norge tar initiativet til et internasjonalt moratorium som forbyr utvinning av havbunnsmineraler innenfor en gitt tidshorisont, minimum frem til 2030.

*Norges Rederiforbund* støtter departementets forslag til konsekvensutredning og utkast til beslutning om åpning av område.

*NorSea* uttrykker sterk støtte til en ambisiøs og framtidsrettet satsing for å skape ny industri og sikre tilførsel av mineraler kritisk nødvendig for det grønne skiftet.

*Norsk Bergindustri* skriver at de ser positivt på at departementet gjennomfører åpningsprosessen for mineralvirksomhet på norsk sokkel i tråd med den skisserte tidsplanen, og uttrykker støtte til at arbeidet med å kartlegge potensialet for mineraler på havbunnen på norsk sokkel videreføres.

*Norsk forum for Marine Mineraler* er positiv til den pågående åpningsprosessen og støtter en kunnskapsbasert og stegvis tilnærming for industriell aktivitet. Basert på det omfattende arbeidet som er utført og materialet som er presentert i denne høringen støtter de en åpning for mineralvirksomhet på norsk kontinentalsokkel.

*Norsk industri* anbefaler at hele området som omfattes av konsekvensutredningen åpnes for mineralvirksomhet. Når dette området er åpnet,

kan det tildeles undersøkelsestillatelser og utvinningstillatelser for nærmere avgrensede områder.

*Norsk institutt for vannforskning* sin samlede vurdering er at kunnskapsgrunnlaget synes mangelfullt som grunnlag for å åpne for utvinning.

*Norsk Polarinstitutt* anbefaler at Norge følger en forsiktig føre-var-tilnærming til mineralutvinning på havbunnen. De tilrår videre å øke innsatsen når det gjelder innsamling av baseline data, forskning på effekter av mineralvirksomhet på havbunnen og intensiverer arbeidet med utvikling av teknologier for ekstraksjon og transport av mineraler, samt øker fokuset på gjenvinning, for å gjøre mer for å få ned det framtidige behovet for kritiske og sjeldne mineraler.

*NTNU* stiller spørsmål ved «hastverket» i åpningsprosessen i og med at de ikke kan se at det per i dag foreligger et forvaltningsapparat og -system som vil kunne forvalte de gjeldende ressursene og økosystemene på en god og forsvarlig måte. Samtidig stiller de sin tverrfaglige ekspertise på området til rådighet for å få det nødvendige grunnlaget på plass så raskt som overhodet mulig slik at kunnskapsbaserte og ansvarlige beslutninger kan foretas.

*NUI AS* mener at selv om de miljømessige konsekvensene av leting og utvinning ikke er godt nok kjent, så er det ikke god nok grunn for å stoppe det arbeidet som er påbegynt. De mener at videre kartlegging kan pågå i parallell med den aktiviteten som tillates, for eksempel ved at det initieres forskningsprosjekt som følger aktiviteten i de tillatelser som gis.

*Næringsforeningen i Stavanger-regionen* uttrykker sterk støtte til prosessen for åpning av norsk kontinentalsokkel for letevirksomhet og utvinning av havbunnsmineraler.

*Næringslivets hovedorganisasjon* uttrykker støtte til den stegvise tilnærmingen det legges opp til knyttet til åpning, leting og eventuell utvinning av havbunnsmineraler.

*Offshore Norge* støtter de overordnede vurderingene som er gjort av Oljedirektoratet i arbeidet med konsekvensutredningen. I området som foreslås for åpning kan betingelsene være til stede for å påvise økonomisk interessante forekomster av polymetalliske sulfider og manganskorper. Samtidig ønsker vi å påpeke at begrensningen av arealet som foreslås for åpning kan være uheldig gitt kunnskapen man har om de geologiske forholdene i området. Man kan med dette risikere å utelukke områder med interessante forekomster. Det fremstår som noe uklart hvilke kriterier som er lagt til grunn, og avveininger som er gjort, i forkant av begrensningen.

*Pelagisk Forening* kan, på grunn av det foreslåtte området størrelse, den enorme kunnskapsmangelen for både hvordan området er i dag og fungerer i dag, hvordan naturen blir påvirket av leiting/utvinning, den umodne teknologien og tidsperspektivet, ikke støtte en åpning av hverken hele eller deler av utredningsområdet for hverken kommersiell leiting eller utvinning av havbunnsmineraler.

*Privatpersoner* som har sendt inn tilnærmet likelydende høringsuttalelser krever at Norge stanser åpningsprosessen for gruvedrift på havbunnen i våre havområder, og at regjeringen jobber aktivt internasjonalt for å hindre at slik gruvedrift settes i gang.

*Rev Ocean* viser til kunnskapsmangel og går imot åpning inntil tilstrekkelig kunnskap om naturmiljøet er på plass.

*Seabed Solutions AS* mener at åpning av norsk sokkel for mineralleting er viktig for å sikre et godt datagrunnlag. Både for å identifisere de områdene med de høyeste ressursforekomstene, de områdene hvor utvinning kan skje uten å påføre uopprettelig skade på omkringliggende fauna, og for å skaffe seg teknologisk og operasjonell kompetanse.

*Seabed Vision AS* bifaller utkastet til beslutning om åpning av område og foreslått tidsplan, og uttrykker at det er viktig at åpningsprosessen gjennomføres i tråd med den tidsplanen som er presentert i utredningen.

*Senter for dyphavsforskning ved UiB* ser det slik at dagens faktagrunnlag er tilstrekkelig til å starte en letefase. Vi deler utredningens vurdering av at leteaktivitet vil ha liten miljøpåvirkning, forutsatt at den baserer seg på metodikk tilsvarende den som har vært benyttet i forbindelse med forskning og offentlig utredningsarbeid. De skriver videre at en eventuell utvinningsfase, derimot må bygge på et faktagrunnlag som er vesentlig mer omfattende og kvalitativt bedre enn det vi har i dag. Først da kan samfunnsnyten ved å hente ut mineraler fra dyphavet bli veid opp mot miljøkonsekvenser og kostnader.

*Sintef* støtter at det åpnes for leiting, men at dagens kunnskapsnivå ikke er tilstrekkelig til å anbefale en åpning for utvinning av havbunnsmineraler på norsk sokkel nå. De viser i så måte til et kunnskapsgap som staten må bidra til å fylle.

*Statsforvalteren i Nordland* ber om at det i åpningsprosessen tas hensyn til Jan Mayen naturreservat.

*WWF og andre miljøorganisasjoner* ber om at regjeringen stanser åpningsprosessen for mineralvirksomhet på havbunnen. De mener at havnasjonen Norge må satse på en bærekraftig havøko-

nomi som sikrer økologiske, sosiale og økonomiske goder til nåværende og framtidige generasjoner gjennom å ivareta mangfoldet, produktiviteten og robustheten til marine økosystemer. Dette må skje ved bruk av fornybar og utslippsfri energiproduksjon og sirkulære materialstrømmer. Forestillingen om at dagens arbeidsplasser innen oljeindustrien skal over til mineralutvinning på havbunnen er langt fra framtidsretta. Alle morgendagens havrelaterte jobber må være bærekraftige, naturpositive og klimapositive – både over og under havoverflaten.

#### 4.3.8.2 Departementets vurdering

Departementet vil først bemerke at store områder ikke foreslås åpnet. Åpningsområdet som ble sendt på offentlig høring var nær halvert sammenlignet med utredningsområdet. Departementet har videre merket seg at det i høringen kom få innspill på områdets utstrekning. Det var i større grad innspill for eller mot å åpne områder i det hele tatt. Flere av høringsinstansene, inklusive flere statlige direktorater og institutter, mener det ikke er grunnlag for å gå videre med åpning før man har hentet inn mer kunnskap om miljøforhold og miljøvirkninger, og at det ikke er mulig å gjøre tilfredsstillende vurderinger av konsekvensene på grunnlag av den kunnskapen vi har i dag.

Enkelte høringsinstanser tok til orde for at hele utredningsområdet burde åpnes for å unngå at prospektive områder utelates. I forkant av høringen av konsekvensutredningen og utkast til beslutning om åpning av område, så ble utredningsområdet innsnevret noe ut fra hva som i dag er vurdert å være de mest prospektive områdene. Oljedirektoratet ble bedt om å lage et forslag til en innskrenking av området basert på hvor direktoratet mener leitingen bør starte. Dette området er det som ble sendt på høring som det foreslåtte området for åpning. Det kan i dag dog ikke utelukkes at det i de områdene som ble tatt ut også er prospektive arealer.

En høringsinstans pekte på at området bør innskrenkes i sør av hensyn til fiskeriene. Departementet har basert på høringsuttalelsen vurdert det dithen at området av hensyn til fiskeriaktiviteten som foregår i dette området, ikke åpnes nå. Regjeringens anbefaling om område som bør åpnes fremgår av meldingens kapittel 5.

Det er ikke aktuelt å kun åpne for letevirksomhet som enkelte anbefalte. Det er utsiktene til lønnsom utvinning som vil være driveren for kommersielle aktører sin havbunnsmineralvirksom-

het. Uten utsikter til lønnsom utvinning vil ikke private aktører bruke ressurser på letevirsomhet – og derfor heller ikke søke om ikke-eksklusive undersøkelsestillatelser. Undersøkelsestillatelser er derfor i liten grad forventet å ha kommersiell interesse før eksklusive utvinningstillatelser er tildelet og forholdene kan ligge til rette for etablering av et marked for kjøp og salg av havbunnsdata.

Den første aktiviteten som vil foregå innenfor begge typer tillatelser, er uansett leting. Forskjellen er om rettighetshaverne har en eksklusiv rett eller ikke til å lete innenfor et område. Før utvinning kan skje, vil det være et nytt beslutningspunkt for myndighetene hvor rettighetshaver må få godkjent plan for utvinning av myndighetene. En slik plan vil kun bli godkjent hvis rettighetshaver kan godtgjøre at utvinningen kan skje på en bærekraftig og forsvarlig måte.

For innspill om kunnskapsmangel om natur- og miljøverdier i åpningsområdet og manglende

kunnskap om miljøvirkninger vises det til hhv. kapittel 4.3.1.2 og 4.3.2.2.

Når det gjelder Miljødirektoratets kommentar om manglende prosesstrinn og føre-var-prinsippet, er det departementets syn at det som foreslås er nettopp en skrittvis utvikling av aktiviteten der en bygger kunnskap og kompetanse underveis. Ingen aktivitet vil bli gjennomført hvis det ikke kan skje på en bærekraftig og forsvarlig måte og dermed blir godkjent av myndighetene. For øvrig vises det til kapittel 4.3.1.2. Departementet viser videre til at det området som anbefales åpnet er redusert med 53 prosent av utredningsområdet. Store dypvannsområder på norsk kontinentalsokkel vil således ikke åpnes for havbunnsmineralvirksomhet nå. Utvinning vil også kun være aktuelt i en svært liten del av åpningsområdet, jf. kapittel 3.4.

## 5 Vurderingar og anbefaling frå regjeringa om opning av område på norsk kontinentalsokkel for mineralverksemd

Moglegheita for økonomisk lønnsam utvinning av havbotnmineral kan bli til ei ny og viktig havnæring for Noreg og samtidig bidra til å sikre forsyninga av viktige metall i framtida. Det er eit aukande globalt behov for utvinning av mineral for å sikre tilgangen på nødvendige metall. Sirkulærøkonomien vil også vere viktig for å møte etterspurnaden etter metall på ein berekraftig måte, men vil ikkje vere tilstrekkeleg. Havbotnmineral kan derfor bli ei ny kjelde til viktige metall som verda vil trenge framover.

Ein føresetnad for slik utvinning er at ressursane kan vinnast ut på ein lønnsam, berekraftig og forsvarleg måte. For å få avklart dette er det som eit første steg gjennomført ein opningsprosess for mineralverksemd på havbotnen i samsvar med havbotnminerallova, inkludert ei konsekvensutgreiing. Opningsprosessen består av to hovuddelar: ein konsekvensutgreiingsprosess og ei ressursvurdering. Konsekvensutgreiinga, innkomne høyringsfråsegner og ressursvurderinga utgjer avgjerdsgrunnlaget for vurdering av spørsmålet om opning.

Oljedirektoratet har gjennom fleire år gjennomført datainnsamling og kartlegging i utgreiingsområdet for å auke kunnskapen om norske havbotnmineralressursar. På basis av kartlegginga har Oljedirektoratet som del av opningsprosessen utarbeidd ei ressursvurdering for utgreiingsområdet. Ressursvurderinga anslår tilstadeverande ressursar, det vil seie ressursar som er påviste, eller som ein antar finst. Ein del av dei tilstadeverande ressursane vil kunne vere utvinnbare, dette vil avhenge av teknologi og økonomi. Det er med kunnskapen vi har i dag, stor uvisse knytt til dette. Ressursvurderinga til Oljedirektoratet gir eit utfallsrom for kor store mengder det kan finnast av dei ulike metallane. Dei forventa tilstadeverande ressursane i utgreiingsområdet er betydelege. Dei samla forventa tilstadeverande ressursane for begge typane ressursar (sulfid og skorper) er store om ein ser dei ut frå den årlege, globale utvinninga av dei respektive metallane som er i dag. Havbotnmineral kan vere ei ny kjelde til

norske mineralførekomstar som vil vere viktige i det grøne skiftet.

Det er som ein del av opningsprosessen også gjennomført ein konsekvensutgreiingsprosess. I denne prosessen er det ei omfattande involvering av partar dette vedkjem. Første steget i denne prosessen er ein programfase og inkluderer ei høyring av konsekvensutgreiingsprogrammet for tidleg å få innspel til kva tema som er viktige å greie ut for å kunne ta stilling til opningsspørsmålet. Med grunnlag i det fastsette utgreiingsprogrammet er det gjennom fleire utgreiingar etablert eit oppdatert og samanstillt faktagrunnlag. Desse grunnlags- og fagstudiane er offentleg tilgjengelege og danner grunnlaget for konsekvensutgreiingsrapporten som hausten 2022 blei sendt på offentleg høyring. Det er også gjennomført eit innspelsmøte i samband med høyringsrunden.

Gjennom konsekvensutgreiingsprosessen gjer ein greie for moglege verknader av ei eventuell framtidig havbotnmineralverksemd. Prosessen omfattar miljømessige, næringsmessige, økonomiske og sosiale verknader av slik verksemd.

Konsekvensutgreiinga og høyringsinnspela viser at det framleis er betydelege kunnskapsmanglar, særleg knytt til miljøforhold i djuphavsområdet og konsekvensane av ei eventuell havbotnmineralverksemd. Gjennom vidare kunnskapsinnhenting og -oppbygging frå statleg side og opning for kommersiell leiteverksemd vil regjeringa leggje eit godt grunnlag for å auke kunnskapen om både miljøforhold og ressursar.

Konsekvensutgreiinga som er gjennomført, gjer greie for identifiserte påverknader knytte til leiting, utvinning og avslutning av verksemda til havs.

Aktivitet knytt til leiting etter havbotnmineral og avslutning av utvinning er generelt funne å gi små miljømessige verknader. Det er uansett viktig for regjeringa å sikre at omsynet til miljøet blir varetatt i alle fasar, også ved havbotnmineralaktivitet. Det vil også seie at utvinning berre vil bli godkjend dersom utvinningsplanen til rettshavaren godtgjer at den planlagde utvinninga kan skje på

ein berekraftig og forsvarleg måte. Potensialet for verknader av eventuell utvinningsverksemd vil avhenge av teknisk løysing, inkludert relevante avbøtande tiltak og kva naturverdiar som blir påverka. Verknadene vil i all hovudsak vere knytte til det konkrete geografiske området der utvinninga fysisk går føre seg. Det er ikkje forventa nokon regionale effektar av utvinning slik ein til dømes kan ha ved akuttutslepp av råolje ved petroleumsvksemd. Det arealet som vil vere omfatta av utvinning, vil vere svært avgrensa både i seg sjølv og i forhold til det totale havbotnarealet som blir foreslått opna. Regjeringa vil leggje ei stegvis tilnærming til grunn for tildeling av utvinningsløyve.

Dei lokale konsekvensane av utvinning vil avhenge av kva naturmiljø som blir påverka. Kvar enkelt aktivitet ved utvinning av mineral på havbotnen kan føre til ulike påverknader på økosystemet på den aktuelle lokaliteten. Slike moglege påverknader vil bli greidde ut og vurderte dersom rettshavarar påviser lønnsame ressursar og utarbeider ein utvinningsplan.

Departementet varsla i høyringsbrevet til konsekvensutgreiinga og utkast til avgjerd om opning av område for havbotnmineralverksemd at for å vareta aktive hydrotermale strukturar vil det vurderast avgrensingar på utvinning av slike strukturar. Basert på det som har komme fram i faggrunnlaget og innkomne høyringsfråsegner, vil det setjast følgjande generelle vilkår for opningsområdet: Utvinning av aktive hydrotermale strukturar vil ikkje vere tillate, og slike strukturar skal beskyttast slik at dei ikkje blir skadde av verksemd i tilgrensande område. Ein utvinningsplan vil berre bli godkjend dersom det kan godtgjerast at utvinning kan gjennomførast slik at det ikkje medfører vesentlege negative verknader for naturmangfaldet knytt til dei aktive strukturane.

Konsekvensutgreiinga og fleire av høyringsinstansane peikar på at kunnskapen om natur- og miljøforhold, teknologi og miljøverknader i opningsområdet er avgrensa. Samtidig stiller rapportane saman all den kunnskapen som er opparbeidd gjennom mange tiår, med tilvising til at biologiske undersøkingar i norske havområde går tilbake heilt til 1870-åra. Denne kunnskapen er avgrensa og langt frå fullstendig, men er samtidig grunnleggjande for forståinga av områda og har vore sentral for konsekvensutgreiinga. Ved å kombinere eit framhald av den statlege kunnskapsinnhentinga og ein kommersiell leiteaktivitet underlagd fastlagde arbeidsprogram meiner regjeringa at ein best og raskast kan dekkje kunnskapshøl.

Å engasjere industrielle aktørar vil bidra til vidare kartlegging av både ressurspotensialet og miljøverdiene og å auke kunnskapen om miljøverknader av ei eventuell framtidig havbotnmineralverksemd. Ved å gjere det mogleg for kommersielle aktørar å leite vil ein gjennom dei arbeidsprogramma som blir fastsette ved tildeling av løyve, og den tilhøyrande leiteaktiviteten kunne få meir datainnsamling og meir omfattande kunnskapsinnhenting. Dette føreset at industrielle aktørar finn leiteverksemda lønnsam.

Etter opning vil det derfor bli sett i gang ein prosess for å lyse ut og tildele løyve under havbotnminerallova. I lys av kunnskapsmangelen i området er det særleg viktig å ha ei føre-var-tilnærming til aktiviteten. Ved tildeling av utvinningsløyve og ved eventuell godkjenning av utvinningsplanar vil det vektleggjast at all aktivitet som skal skje, er berekraftig og forsvarleg. Utvinningsplanar vil berre bli godkjende dersom den foreslåtte utvinninga kan skje på berekraftig og forsvarleg måte, slik at omsynet til miljø, tryggleik og ev. anna verksemd til havs i det aktuelle området er godt tekne hand om, og slik at sameksistensen med andre verksemdar blir varetaken.

Departementet vil derfor også føre ein arealtildelingspolitikk som vil innebere ei stegvis, kunnskapsbasert og rasjonell utforsking av arealet som blir foreslått opna, samtidig som det gjer at kommersielle aktørar gradvis kan byggje opp ein portefølje med aktivitetar slik at verksemda kan halde fram over tid.

Departementet vil innanfor rammene av havbotnminerallova etablere og halde ved like klare og føreseielege rammevilkår for havbotnmineralverksemda for å leggje til rette for at samfunnsøkonomisk lønnsame ressursar kan utnyttast.

Regjeringa ser ikkje at det på det noverande tidspunktet er aktuelt å etablere eigne skattereglar for havbotnmineralverksemd. Utan slike særskilde skattereglar vil det vere reglane i skattelova for skatt på alminneleg inntekt som skal nyttast. Det vil likevel vurderast særskilde skattereglar på eit seinare tidspunkt dersom det over tid viser seg å vere grunnrente i næringa.

Aktivitet under løyve som blir tildelte etter ei eventuell opning, vil i første omgang dreie seg om leiting som det er venta små miljøverknader av. Slik leiteaktivitet vil bidra til vidare kunnskaps- og kompetansebygging. Innsamla kunnskap vil rettshavaren, i tråd med regelverket, måtte dele med staten.

Departementet er einig i at det må samlast inn meir kunnskap før industrielle aktørar kan søkje om godkjenning av utvinningsprosjekt. Det følgjer

også av lovverket. Inga utvinning vil bli godkjend med mindre rettshavaren kan godtgjere at planlagd utvinning kan skje på ein berekraftig og forsvarleg måte. Dette blir gjort gjennom at rettshavaren skal utarbeide ein utvinningsplan. Som del av utvinningsplanen skal rettshavaren gjennomføre ein konsekvensutgreiingsprosess – der både program for utgreiinga og sjølv utgreiinga skal på offentleg høyring. I denne utgreiingsprosessen skal mellom anna lokale forhold kartleggast og aktuelle miljøverknader greiast ut. Relevante avbøtande tiltak skal identifiserast og vurdert. Det vil i samband med behandlinga av planen for utvinning bli stilt krav og vilkår om til dømes avbøtande tiltak dersom det er nødvendig for å sikre berekraftig og forsvarleg utvinning.

Krav om å gjere grunnlagsundersøkingar vil mellom anna vere viktig for å auke kunnskapen, og desse vil utgjere eit viktig underlag for konkrete utvinningsplanar og tilhøyrande konsekvensutgreiing. Det er berre ved opning for at industriaktørar kan starte kartlegging og datainnsamling, at ein også vil få meir kunnskap om moglege verknader av ei eventuell framtidig havbotnmineralverksemd. I tillegg til kartlegginga frå private aktørar vil regjeringa setje i gang ein prosess med sikte på å auke kunnskapsgrunnlaget også gjennom forsterka statleg innsats. Det går i dag føre seg kartlegging i statleg regi utført av staten sine egne etatar, inkludert Oljedirektoratet og gjennom Mareano-programmet. Miljøforhold i område som er relevante for mineralverksemd, vil kartleggast gjennom Mareano-programmet parallelt med at det eventuelt blir opna for kommersiell verksemd. For å styrkje kunnskapen om havstraumar vil Havforskningsinstituttet få eit oppdrag om å auke kunnskapen om regionale og lokale havstraumar i dei ulike djupa for Norskehavet og Grønlandshavet.

For å styrkje kunnskapen om natur- og miljøforholda i opningsområdet vil det i samband med kartlegging av ressurspotensialet for havbotnmineral på norsk kontinentalsokkel i regi av Oljedirektoratet og gjennomføring av ressurskartleggingstokt også normalt bli samla inn miljødata i samarbeid med relevante fagmiljø som Universitetet i Bergen. Saman med kartlegginga som rettshavarar og annan forskingsaktivitet vil stå for, vil dette i sum bidra til at kunnskapsinnhentinga i djuphavet akselererer, noko som vil vere positivt for alle partane dette gjeld. Å dele og gjere data tilgjengelege vil også vere viktig i denne samanhengen.

Utgreiinga av fiskeriaktivitet viser lite uttak av fisk og annan sjømat i området, og det er vurdert

at risiko for konsekvensar for mattryggleiken er låg. Det går føre seg eit avgrensa omfang av anna havbasert næringsverksemd i utgreiingsområdet, hovudsakleg avgrensa til noko fiskeriverksemd og noko passerande skipstrafikk. Enkelte høyringsinstansar, slik som fiskeriorganisasjonane, har peika på at etablering av ei eventuell ny verksemd må ta omsyn til fiskeria, og vektlegg viktigeita av å vareta viktige fiske-, gyte- og oppvekstområde, omsynet til sjømattryggleik og sjølv naturgrunnlaget for norsk fiskerinæring. Vidare kjem det fram i høyringsfråsegnene at slike område vanskeleg kan flyttast, og dei må derfor identifiserast og varetakast tidleg i prosessane. Det er generelt vurdert at det vil vere lite konfliktpotensial mellom havbotnmineralverksemd og andre næringar i utgreiingsområdet, inkludert fiskeria, men dette må vurderast i prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar. Dette følgjer også av havbotnminerallova.

Produksjonseiningar og behovet for transport- og logistikktenester vil krevje energi med tilhøyrande utslepp til luft med dei noverande teknologiane. Dei faktiske utsleppa vil vere avhengige av kva slags fartøy som vil bli nytta, storleiken på fartøya, kva drivstoff som vil bli nytta, om det er installert utsleppsreducerande tiltak, og talet på operasjonsdagar. Det blir lagt til grunn at verksemda vil vere underlagd verkemiddel som er meinte å redusere utslepp av klimagassar. Sektorovergripande verkemiddel som avgifter på utslepp av klimagassar og utsleppskvotar er i dag hovudverkemidla i klimapolitikken for å nå Noregs klimamål. Det kan også bli aktuelt å stille direkte krav til havbotnmineralnæringa om utslepp av klimagassar i samband med verksemda.

Dei økonomiske og sosiale verknadene vil vere avhengige av at område blir opna, og at det blir påvist ressursar som er kommersielt interessante å vinne ut. Om det er kommersielt interessante havbotnmineralressursar på norsk kontinentalsokkel, vil ein først kunne få avklart gjennom opning av område slik at ikkje berre staten, men også kommersielle aktørar kan drive leiting etter slike ressursar. Det er stor uvisse knytt til omfanget av ressursar, lønnsmda ved desse og eventuelle utvinningsmetodar. Dette gjer vurderingar av økonomiske og sosiale verknader svært usikre. I konsekvensutgreiinga er derfor dei vurderingane som er gjennomførte av moglege økonomiske og sosiale verknader, av kvalitativ art.

Det kan vere ein potensielt stor verdi for samfunnet dersom område blir opna og det blir påvist og utvunne betydelege ressursar av verdifulle

mineral. Sidan dette er stadbundne og potensielt knappe ressursar er det potensial for grunnrente.

Norske teknologimiljø i både petroleums-, maritim-, prosesserings- og bergverkssektorene har moglegheiter til å kunne tilby den kompetansen og ekspertisen som blir etterspurde. Det er sannsynleg at ein ny industri som omfattar havbotnmineral, vil oppstå både på tvers av, men også som ei forlenging av dei eksisterande næringane vi har i dag.

For å sikre forsvarleg verksemd er det viktig at relevante operasjonelle uvisse- og risikofaktorar er godt forståtte og handterte før ein set i gang utvinningsaktivitetar knytte til mineralverksemd på havbotnen. Relevante aktørar og styresmakter vil derfor samarbeide om å identifisere og greie ut operasjonelle uvisse- og risikofaktorar ved slik verksemd etter ei eventuell opning.

Mykje av kunnskapen frå petroleumsvksemda vil venteleg kunne overførast til planlegging og gjennomføring også av mineralutvinning. Teknologitvvikling og eit robust HMS-regelverk er sentrale føresetnader for også å kunne drive forsvarleg verksemd knytt til havbotnmineral, noko også fleire høyringsinstansar har påpeika. For å møte alle typar utfordringar uavhengig av naturgitte og operasjonelle forhold vil styresmaktene utvikle eit funksjonelt og verksemdstilpassa HMS-regelverk som stiller tydelege krav til tryggleik og styring av verksemda. Eventuelle industristandardar som blir utvikla av næringa kan bidra til å utfylle regelverket.

Forskning og utvikling er eit sentralt element for eit nytt nærings- og forvaltningsområde, og det er kritisk at FoU-innsatsen kjem inn på eit så tidleg tidspunkt som mogleg. Staten har ei viktig rolle i å bidra til kunnskapsbygging gjennom satsing på FoU innanfor havbotnmineralverksemd. Sjølv om det allereie er i gang forskning på miljøverknader av mineralutvinning på havbotnen finansiert av Noregs forskingsråd, og det nyleg er løyvd støtte til eit samarbeidsprosjekt gjennom «Grøn plattform» som rettar seg mot å etablere ei verdikjede for utvinning av havbotnmineral, ser departementet at porteføljen av FoUI-prosjekt er fragmentert, og at forskingsbehovet framleis er stort. Departementet vil arbeide for å realisere ei målretta satsing på forskning og innovasjon slik det er spurt etter i fleire av høyringsinnspela. I prosessen med å etablere ei målretta satsing på FoUI vil departementet invitere til dialog med næringsliv og forskarsamfunnet for tematiske innspel og best måte å innrette satsinga på.

Den tryggingpolitiske situasjonen i dag gjer at Noreg står overfor eit skjerpaa trussel- og risiko-


bilete og blir utfordra av statar med tryggingpolitiske ambisjonar som ikkje samsvarer med dei nasjonale trygginginteressene våre. Den geopolitiske konkurransen i framtida rundt energitilgang kan i aukande grad handle om å sikre tilgang til kritiske mineral. Førekomstar av sjeldne jordarter kan til dømes vere ei drivkraft bak den tryggleikstruande etterretningsverksemda frå enkelte statar retta også mot norsk næringsliv og norske næringslivsaktørar. For å førebyggje at uønskte aktørar får innsikt i, kontroll over og innverknad på verdiar som har noko å seie for nasjonal tryggleik, kjem nasjonal tryggleik til å bli vurdert ved tildeling av løyve under havbotnminerallova.

Som det også går fram av konsekvensutgreiinga og basert på fleire av høyringsinnspela, er det behov for teknologitvvikling for å vinne ut både sulfid og skorper. Eit viktig omsyn i samanheng med det vil vere å utvikle teknologiar som reduserer miljøpåverknaden. Som det går fram av faggrunnlaget for konsekvensutgreiinga, vil eit godt avbøtande tiltak for å redusere miljøpåverknaden derfor vere å integrere miljørisikoreducerande tiltak i teknologitvviklinga. Det er også behov for å utvikle teknologi for miljøovervaking. Dette er område som vil omfattast i ei framtidig målretta satsing på forskning og innovasjon.

Vurderinga til regjeringa av kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for opningsprosessen, er at det er grunnlag for å anbefale opning av det området som blei sendt på høyring i forslag til opningsavgjerd, med unntak av eit område i sør. Området som blir foreslått opna i denne stortingsmeldinga, er på 281 200 kvadratkilometer og 53 prosent mindre enn utgreiingsområdet.

Regjeringa legg med dette fram eit forslag om opning av det området på norsk kontinentalsokkel som har vore på offentleg høyring, og som omfattar dei areala der Oljedirektoratet har mest data og kunnskap, og som direktoratet ser på som leitestategisk mest interessant i ein første fase, med unntak av eit område i sør som ikkje blir foreslått opna no.

Området går fram av figur 5.1. Eit viktig omsyn i denne samanhengen er å sikre at dei områda som aktørane forventar skal vere mest prospektive, blir opna og kan utforskast først. Særleg gjeld dette så lenge kunnskapsgrunnlaget om ressursbasen er avgrensa. Ei ytterlegare innskrenking av området vil kunne føre til at prospektive område blir utelatne frå opningsområdet. Sjølv om store område blir opna for aktivitet, blir det planlagt ei stegvis tildeling av løyve. Avgrensa område som inneheld dei mest interessante leite-



Figur 5.1 Opningsområde markert i fiolett.

Kjelde: Oljedirektoratet

områda, er dei som først blir gjorde tilgjengelege for kommersiell kartlegging.

*Regjeringa vil*

- opne for havbotnmineralverksemd i det området på norsk kontinentalsokkel som har vore på offentleg høyring, med unntak av eit område i sør
- ikkje tillate utvinning av aktive hydrotermale strukturar og beskytte slike strukturar slik at dei ikkje blir skadde av verksemd i tilgrensande område. Ein utvinningsplan vil berre bli godkjend dersom det kan godtgjerast at utvinning kan gjennomførast slik at det ikkje medfører vesentlege negative verknader for naturmangfaldet knytt til dei aktive strukturane

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Meldinga til Stortinget omhandlar opning av område på norsk kontinentalsokkel for mineralverksemd. For å leggje til rette for god ressursforvaltning vil regjeringa leggje til rette for ei styrking av kunnskapsgrunnlaget knytt til havbotnmineralverksemd. I tillegg til ein eventuell leiteaktivitet frå kommersielle aktørar blir det i meldinga lagt opp til ei styrking av kunnskapsgrunnlaget også i statleg regi, både gjennom auka kartlegging av havområda og ei heilskapleg FoU-satsing i regi av Noregs forskingsråd.


Tiltak varsla i meldinga vil dekkjast innanfor eksisterande budsjetttrammer. Behov utover dette

vil fremjast i dei ordinære budsjettprosessane. Den årlege budsjettmessige oppfølginga vil mellom anna vere avhengig av den økonomiske utviklinga og budsjettsituasjonen.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Olje- og energidepartementet 20. juni 2023 om Mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel – opning av areal og strategi for forvaltning av ressursane blir send Stortinget.





Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa  
publikasjoner.dep.no  
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Omslagsfoto: Rune Goa, Oljedirektoratet

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til  
departementa – 06/2023

